



Kartverket

ÅRSRAPPORT
2016

GLIMT FRÅ 2016




Boka «Med kart skal landet bygges» vart lansert i desember. Ho tek for seg Kartverket si historie frå 1773 fram til i dag.



I juni inviterte Kartverket alle barn i Stavanger mellom 6 og 13 år til open dag på kontoret vårt på Ullandhaug. Målet var å lære barn å lese sjøkart.



I slutten av mai vart antenner monterte på Kartverket sitt nye jordobservatorium i Ny-Ålesund.



Kommunereforma. Samanslåinga av Sandefjord, Andebu og Stokke samt nokre grensejusteringar vart gjennomførte i nyttårshelga i høve til plan, og med positive tilbake-meldingar frå dei involverte partane.



Kartverket arrangerte eigedsretts-seminar for sjuande gong den 7. og 8. september. Seminaret samla 250 deltakarar i kongesalen på Sundvolden hotell.

Birte Noer Borrevik byrja som ny direktør i sjødivisjonen 15. september.



Kartverkets historiske flyfoto har vore ein viktig bidragsytar til TV-serien «Landet frå lufta» som vart sendt på NRK hausten 2016.



Kundesenteret til Kartverket starta i 2016 å svare på spørsmål også på Facebook og Twitter. I tillegg kommuniserar vi med brukarane via telefon, e-post og chat.

INNHALD

- I** Årsmelding frå leiaren **s 5**
- II** Introduksjon til verksemda og hovudtal **s 9**
- III** Årets aktivitetar og resultat **s 14**
- IV** Styring og kontroll i verksemda **s 35**
- V** Vurdering av framtidsutsikter **s 44**
- VI** Årsrekneskap **s 48**



ÅRSMELDING FRÅ LEIAREN



1. FORMIDLING

Kartverket skal gjere offentleg stadsrelatert informasjon lett tilgjengeleg.

2. FORVALTNING

Kartverket skal forvalte den digitale røynda som ein nasjonal ressurs.

3. KOMPETANSE

Kartverket skal vere eit innovativt fagmiljø innan stadsrelaterte data.

KARTVERKETS TRE OVERORDNA MÅL FRÅ HANDLINGSPLANEN

I 2016 har Kartverket hatt god måloppnåing og vist gode resultat, på dei måla og oppdraga gjevne av eigardepartementet vårt, Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD).

Verksemda vår har vore retta inn mot sikker drift, fornying og auka digitalisering. Dette for å leggje til rette for enklare, raskare og betre tenester og leveransar til brukarane, og for å bidra inn i den felles nasjonale infrastrukturen med stadfesta informasjon.

Den strategiske handlingsplanen har vore førande for prioriteringane våre også i 2016. Hovudmåla som dekkjer områda **formidling, forvaltning og kompetanse** har fått meir innhald i løpet av året.

Eg vil først trekkje fram iverksetjing av prosjekt nasjonal detaljert høgdemodell. Etter ein del utfordringar i innleiinga, er prosjektet godt i gang og per 31.12.2016 er resultatene i overkant av det vi vurderte som realistisk tidlig på hausten. Etter å ha gjennomført tilbudsprosessen i første halvår vart det klart at prisane i marknaden var høgare enn det vi hadde lagt til grunn. For heile det 5-årige programmet er prognosane ein meirkostnad på opptil 120 mill. kroner. Aktuelle løysingar er auka rammetildelingar, forlengje gjennomføringstida eller redusere omfang og

kvalitet. Vi utarbeider ein samfunnsøkonomisk analyse som blir levert i januar 2017, som skal vise kva slags vinster og nytte denne investeringa har for samfunnet. Det har vore krevjande å få inn dei økonomiske bidraga frå dei andre partane i prosjekta. Vi opplever at dette vart betre ivareteke og organisert mot slutten av 2016.

Av prioriterte oppgåver i 2016 vil eg også nemne arbeidet med elektronisk tinglysing. Dette er eit av dei største digitaliseringsprosjekta, ikkje berre for Kartverket, men også nasjonalt. Etter at vi i januar måtte revidere framdriftsplanane, har arbeidet gått etter planen i heile 2016. Vi meiner vi er klare til produksjonssetjing i påska 2017. Elles kan tinglysinga nok ein gong vise til svært gode resultat i saksbehandlingstid og svartid på kundesenteret. Vi har i 2016 behandla 98,5 % av alle saker i løpet av 4 dagar.

I statsbudsjettet for 2016 fekk Kartverket ansvar for tre konkrete tiltak på digitaliseringsområdet. Det vart gjeve øyremerkte tildelingar på 10 mill. kr kvar til høvesvis digitalisering av pantebok, digitalisering av planregister samt prosessering av djupnedata. Alle desse tre tiltaka har vore svært vellykka i 2016, og har gjeve konkrete bidrag til både digitalisering og sysselsetjing.

Kartverket fekk gjennom revidert nasjonal-budsjett i 2015 ekstra løyvingar for å ivareta ei nøkkelrolle som koordinator i kommunereforma. I 2016 har arbeidet internt i samordningsforum, og særleg med store aktørar som KS, NAV, Skattedirektoratet og Direktoratet for e-helse, fungert svært godt. Testløyising for framtidig matrikkel-struktur, og sjekklister for kommunereforma er levert som planlagt. Samanslåinga av Sandefjord, Andebu og Stokke, samt nokre grensejusteringar, vart gjennomført i nyttårshelga i høve til plan og med positive tilbakemeldingar frå involverte paratar.

Arbeidet med nytt observatorium i Ny-Ålesund går i hovudsak etter planen. Dei nye antennene vart monterte og installerte i løpet av året, og no er alt det utvendige på plass. Det nye geodetiske jordobservatoriumet vårt på Svalbart vart presentert i beste sendetid på NRK Søndagsrevyen 09.10.2016 og var toppsak på nrk.no. No gjenstår det tekniske utstyret inni antennene, og ein satelittavstandsmålar med laser (SLR). Det er nokre forseinkingar på dette arbeidet, men inntil vidare er ikkje dette kritisk.

Prosjektet med utarbeiding av ein nasjonal geodatastrategi vart iverksett med utgangspunkt i Noreg digitalt-samarbeidet i 2015. Gjennom Digital Agenda tidleg i 2016 vart ein slik strategi også forankra som ein viktig del av den nasjonale IKT-strategien. Re-opptak av eit nytt nasjonalt geodataråd er også ein positiv faktor for å setje fagområda våre på den politiske dagsorden. Arbeidet med ein nasjonal geodatastrategi har vore omfattande og har involvert mange, men er på det nærmaste klar for overlevering til KMD ved årsskiftet.

Det som også bør nemnast er alt arbeidet som er utført knytt til innføring av staten sin rekneskaps-standard (SRS) og overgang til ny tilknytingsform frå 01.01.2017. Spesielt det siste har vore ei krevjande oppgåve, og er noko som svært sjeldan skjer i statsforvaltninga. Trass i mange utfordringar undervegs, meiner vi at vi har fått gjort alle nødvendige førebuingar internt og opplever at vi er godt rusta til det nye regimet som ordinært forvaltningsorgan. Vi er likevel bekymra for at det endelige oppgjøret av tilknytingsforma som forvaltningsbedrift, kan føra til at vi ikkje får eit 2017-budsjett som forventa.

Det er mykje meir som kan nemnast når ein skal trekke fram vesentlege tilhøve frå 2016. Hackathon (#hack4no), føringseining for matrikkelen og lanseringa av «Mitt turkart» er alle viktige og positive hendingar som kunne fortent meir omtale her.

På slutten av året vart også boka om historia til Kartverket lansert. «Med kart skal landet bygges» er på 598 sider, og er eit resultat av eit prosjekt som har gått over tre år. Boka tek for seg «historia om oppmålinga og kartlegginga av landet frå etableringa av Norges Grændsers Opmaaling i 1773, og fram til dagens Kartverket».

Samla sett meiner eg at vi også i 2016 har hatt ei god økonomistyring og ressursstyring. Gjennom stadig tydelegare mål og prioriteringar har vi fått til mykje med dei ressursane vi har hatt. Vi har likevel nokre avvik. Desse vil bli gjort greie for i del III.



KNUT ARNE GJERTSEN
FUNGERANDE KARTVERKSSJEF

INTRODUKSJON TIL VERKSEMDA OG HOVUDTAL

Kartverket er ei statleg forvaltningsbedrift underlagd Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD), som i samarbeid med kommunane og statlege etatar forvaltar og vidareutviklar infrastrukturen for geografisk informasjon her i landet.

Kartverket har rundt 850 tilsette og er organisert i divisjonane geodesi, land, sjø og tinglysing. I tillegg til desse fire har vi tre andre ressurs-einingar: IT, tenestene samla og kartverkstaben. Øvste leiar for Kartverket er kartverkssjef Anne Cathrine Frøstrup.


Kartverket samlar inn, systematiserer, forvaltar og vidareformidlar offentleg stadfesta informasjon. Dette vil mellom anna seie at Kartverket har ansvaret for å levere:

- **Nasjonalt geodetisk grunnlag:** Kartverket har ansvar for stadfestingsgrunnlaget som kart- og oppmålingsarbeidet i Noreg byggjer på.
- **Posisjonstenester:** Tenester som fastset nøyaktig, satellittbasert posisjon.
- **Digitale kart:** Kartverket produserer og forvaltar nasjonale digitale kartseriar (land- og sjøkart).
- **Tinglysing:** Tinglysing i fast eigedom og delar i burettslag.
- **Eigedomsinformasjon:** Kartverket driftar dei nasjonale registra for offentleg eigedomsinformasjon (matrikkelen og grunnboka).
- **Stadnamn:** Forvaltar det nasjonale stadnamnregisteret.
- **Standardar:** Nasjonale standardar for kart og geografisk informasjon.
- **Elektronisk sjøkartteneste:** Driftar den internasjonale elektroniske sjøkarttenesta Primar.

Hovudkontoret til Kartverket ligg på Hønefoss. Vi har i tillegg elleve fylkeskartkontor (fylkeskartkontoret i Tromsø inkluderer kontoret i Vadsø), ein divisjon i Stavanger, tinglysing av burettslagsdelar og kundesenter for heile Kartverket i Ullensvang i Hardanger og eit jordobservatorium i Ny-Ålesund på Svalbard.

Kartverket sine kjerneverdier er **inkluderande, kompetent, open, påliteleg og engasjert**. Kartverket sin visjon «**Det nye landskapet**» opnar opp for moglegheiter i den nye framtida. Kartverket skal inn i. Vi skal saman med andre gjenskape røynda i digital form og skape det nye digitale landskapet.

I toppleinga til Kartverket er det små endringar i 2016. Evert Flier gjekk av som direktør i sjødivisjonen 15.09.2016 og vart erstatta av Birte Noer Borrevik. I tillegg kan vi nemne at kartverkssjef Anne Cathrine Frøstrup i mai vart oppnemnt til å leie eit offentleg utval om den framtidige organiseringa av politiet sine særorgan. Dette har ført til at assisterande kartverkssjef Knut Arne Gjertsen delvis har fungert som kartverkssjef i 2016.



Leiargruppa i Kartverket består ved årsskiftet av:
Kartverkssjef
Anne Cathrine Frøstrup
Assisterande kartverkssjef
Knut Arne Gjertsen
IT-direktør
Olav Petter Aarrestad



Direktør for geodivisjonen
Per Erik Opseth
Direktør for landdivisjonen
Erik Perstuen
Direktør for sjødivisjonen
Birte Noer Borrevik



Direktør for tinglysningsdivisjonen
Turid Ellingsen
Kommunikasjonsdirektør
Ole Magnus Grønli
Fungerande tenesteleiar
Reidun Kittelsrud



Foto: Blom Geomatics AS

PRESENTASJON AV UTVALDE HOVUDTAL

Tal i 1 000 kr

Nøkkeltal frå rekneskapen for dei siste tre åra

Skildring	2014	2015	2016
Talet på årsverk	819	814	837
Lønskostnader per årsverk	672	684	701
Delen løn av driftskostnader	48,8 %	48,1 %	44,5 %
Årleg disponibel utgiftsløyving (post 01 og 21)	715 090	765 363	874 857
Driftskostnader	1 127 380	1 177 400	1 341 309
Investeringar	32 572	23 091	33 418
Utnyttingsgrad post 01 og 21	95,7 %	94,1 %	98,2 %
Driftsresultatet vist ved kap. 2465, post 24 med underpostar	65 967	21 050	-56 568
Salsinntekter	119 414	135 412	171 362
Samfinansieringsinntekter	223 876	250 536	269 887
Sum gebyr på kap. 3595, post 01	427 522	429 975	437 453

Kommentarar til nøkkeltal:

1. Årleg disponibel utgiftsløyving består av tildelinga frå i år inkludert overføringar. For 2014 består årleg disponibel utgiftsløyving berre av årets tildelingar (krav: inkl. eventuelle fullmakter som aukar eller reduserer løyvinga).

2. Investeringar og utnyttingsgrad er ikkje gjeve opp som nøkkeltal i siste instruks frå februar 2016, men takast likevel med.
3. Dei fire siste nøkkeltala er nye frå og med 2016, jf. verksemds- og økonomiinstruks for Kartverket av 17.02.2016.

4. Delen løn av driftskostander er lågare i 2016 enn i 2014 og 2015. Årsaka er at andre kostnader har auka monaleg i 2016 (+132 mill. kr). Lønskosten i seg sjølv har berre ein svak auke i 2016 (+31 mill. kr.)
- Sjå meir detaljar om desse nøkkeltala i del VI.

Tal i 1 000 kr

Presentasjon av volumtal for dei tre siste åra, status per 31.12.

Nr.	Skildring	2014	2015	2016
1	Delen av fastlandsarealet dekt med detaljerte høgde- og terrengdata	13,6 %	15,2 %	20 %
2	Talet på realiserte nye datasett i Det offentlege kartgrunnlaget (DOK)	32	50	65
3	Talet på kommunar med fulldigitale planregister tilgjengeleg på seplan.no	195	251	343
4	Talet på kommunar med nytt nasjonalt høgdegrunnlag (NN2000)	140	280	335
5	Talet på cache-oppslag per år for kartdata (tal i milliardar)	6,7	7,3	7,4
6	Eigedomar med vegadresser (telen i prosent av totalen)	81,2 %	85,6 %	89 %
7	Prosentvis del av panteboka som er digitalisert	49 %	59 %	67 %
8	Delen av tinglyste dokument med saksbehandling under 4 dagar	98,4 %	98,1 %	98,5 %
9	Gjennomsnittleg svartid på tinglysingssaker for kundesenteret (sekund)	77	82	87
10	Delen feil i tinglysingssaker	0,2 %	0,2 %	0,2 %
11	Prosentvis del av dokument som blir tinglyst elektronisk	29,2 %	34,7 %	37 %
12	Gjennomløpstid frå sjømåling til tilgjengeleggjering av djupedata (år)	3,2	2,6	1,9
13	Sjøareal målt med moderne målemetodar	31,3 %	32,8 %	34,0 %

Kommentarar til volumtal:

1. Volumtal nr. 1,2,3,7,8,9,10 og 12 er nye frå og med 2016, jf. verksemds- og økonomiinstruks for Kartverket av 17.02.2016.

2. Ang. volumtal nr. 2. Av dei 142 erklærte DOK-datasetta frå KMD er 65 godkjende og 28 i prosess, medan dei resterande 49 ikkje er påstarta.

3. Ang. volumtal nr. 3. Det er ulike kriterier som kan nyttas for å avgjera om ein kommune har eit fulldigitalisert planregister. Volumtalet viser til nivå R2K2 (regulerings-
- plan/kommunedelplan). Vi er i dialog med KMD om kva slags kriterier som skal nyttas vidare.

4. Ang. volumtal nr. 11. Dette er elektronisk tinglysing via pilotløyving som vart etablert i 2007. Det er verdt å merke seg at den løysinga ikkje er heil-elektronisk.

5. Ang. volumtal nr. 13. Full skildring er: «Prosentvis kor mykje av arealet langs norskekysten (randsona djupne 0–20 m) som er målt med moderne målemetodar».

6. Dei fleste av desse volumtala er meir omtalte i årsrapporten sin del III.

FRÅ SJØMÅLING PÅ SVALBARD

ÅRETS AKTIVITETAR OG RESULTAT

Foto: Ronny Pedersen

Kartverket vert følgt opp på totalt 12 styringsparameter og 10 oppdrag i tildelingsbrevet (TDB) for 2016. I tillegg er det nokre konkrete oppgåver. I høve til Verksemds- og økonomiinstruks for Statens kartverk skal del III i årsrapporten innehalde ei utgreiing for, analyse og vurdering av resultat i høve til krav fastsett i tildelingsbrev og eventuelle andre brev.

Del III byrjar difor med ein kortfatta statusrapport på styringsparameter og oppdrag iht. målstrukturen i tildelingsbrevet sitt punkt 3. Deretter kjem ei nærmare utgreiing, analyse og vurdering på utvalde område, der vi mellom anna går inn på vesentlege tilhøve i året som har hatt noko å seie for departementet si styring og oppfølging, og føringar gjevne i tildelingsbrevet sitt punkt 4 og 5.

Vidare ser vi også nærmare på

- Gjennomførte evalueringar
- Omfanget av innkrevjing av dokumentavgift og tinglysingsgebyr (talet på rettsstiftingar)

- Oppstilling av relevante kostnader sett opp mot staten sine gebyrinntekter frå tinglysing
- Utgreiing for, analyse og vurdering av ressursbruk
- Oversikt over gjennomførte investeringar med kommentarar
- Ei samla vurdering av måloppnåing i høve til samfunnsoppdraget og rekneskapsåret totalt

Vi viser også ei oversikt på dei oppgåver som er komne til i løpet av året, gjennom tillegg til tildelingsbrev og andre bestillingar.

MÅL 1: NORSKE LAND- OG SJØOMRÅDE SKAL HA OPPDATERTE GRUNNKARTDATA

STYRINGSPARAMETER

■ OK ■ MINDRE AVVIK ■ AVVIK

- **Auka sjømåling av areal langs norskysten.** I år har vi sjømålt 680 km². Dette har gjort at 34 % av norskysten er målt med moderne målingar. Dette er noko under det interne måltalet vårt. Årsaka til manglande måloppnåing er prioritering av små og relativt sett tidkrevjande måleoppdrag med stor samfunnsnytte. Til dømes arbeid for Kystverket. Det er også verdt å merke seg at vi har sjømålt eit betydeleg areal rundt Svalbard (dryge 1 500 km²), både i eigen regi og for Mareano. *Avvik pga. omfang.*

- **Redusert gjennomløpstid for sjødata.** Målsetjinga har vore ein reduksjon med 7 månader i 2016. Dette vil resultere i ei gjennomløpstid på 2 år. Vi har gjort ein analyse for gjennomløpstida for 173 måleoppdrag til 55 kart som er komne i ny utgåve i 2016. Det viser at gjennomløpstida i 2016 i gjennomsnitt er 1,9 år. Dette er ei monaleg forbetring sett i høve til utgangspunkt 1. januar 2013, der resultatet var 4,1 år.

Innført nytt høgdegrunnlag gjennom Geovekst i fleire kommunar med mål om landsdekking i løpet av 2017.

Status ved utgangen av 2016 er at 331 kommunar har innført NN2000, medan målet for året var 365. I løpet av 2016 er det innført nytt høgdedatum i 51 nye kommunar medan målet var 85. Ut frå pågåande prosessar forventar vi 30 nye kommunar på plass i løpet av dei 3 første månadene i 2017, slik at dette avviket er ei mindre forseinking. 11 planlagde kommunar i Møre og Romsdal (3) og Nordland (8) er forseinka pga. manglande vasstandsmåling for høgdeoverføring til øyer. Det har vore eit klart større volum av denne type målingar i 2016, og vi har ikkje klart å levere tilstrekkeleg kapasitet. *Avvik pga. tid.*

Auka tal på datasett godkjent i Det offentlege kartgrunnlaget (DOK).

Dette arbeidet har gått bra, og ved utgangen av 2016 har 221 kommunar vore inne i Geonorge og registrert DOK-data for sin kommune. Analysane våre viser at kun 150 kommunar reknar sin prosess som ferdig, men det er ei viss uvisse knytt til tala. Det har vore gjennomført eit godt arbeid med fagdagar og regionmøte innanfor DOK i fylka.

Halde framdrift i arbeidet med å etablere eit nytt geodetisk observatorium i Ny-Ålesund.

Prosjektet er totalt sett iht. plan. Site Acceptance Test (SAT) for VLBI-teleskop (antennene) er gjennomført, med kun mindre avvik. Alt utvendig er no ferdigstilt på den nye stasjonen, og neste steg er å få på plass alt innvendig utstyr og instrument. Innkjøpet av ein satelitt-avstandsmålar med laser (SLR) er framleis ei utfordring, og forhandlingane med NASA har dårlegare progresjon enn vi hadde forventa og håpa. Førebels er ikkje dette kritisk, men vi nærmar oss eit kritisk punkt for om SLR let seg realisere.

Auke delen av fastlandsarealet dekt med detaljerte høgdedata, basert på laserskanning og biletmatching.

Dette er resultatene av prosjektet ny nasjonal detaljert høgdemodell. Nasjonal forvaltningsløysing for høgdedata inneheld ved årsskiftet totalt ca. 163 000 km² detaljerte høgdedata, av dette er ca. 64 000 km² godkjent med kvalitet

som definert for NDH. Detaljerte høgdedata frå laserskanning gjennomført i 2016 for dei resterande ca. 34 000 km² er i leverings-/godkjenningssprosess og er venta på plass i løpet av februar/mars 2017. Dette kjem primært av svært mykje datafangst seint i 2016, som skal gjennom ein 3 månaders prosess med levering og godkjenning.

OPPDRA

1

Starte opp arbeidet med Nasjonal digital høgde- og terrengmodell med mål om full nasjonal dekning i 2020.

Kontrakt for laserskanning for 2 år vart inngått med TerraTec AS i juni. Konkurransetsetjing av biletmatching gjenstår, og spesifikasjon og bortsetjing er planlagt gjennomført i 1. tertial 2017. Monaleg auka prisar på omløpsfotografering kan skape utfordringar for eit dekkande oppdatert datagrunnlag for planlagt biletmatching.

2

Realisere ny forvaltningsmodell for detaljerte kartdata med høve for direkte oppdatering frå kommunane mot ein sentral original.

Dette er eit arbeid vi har organisert som eit prosjekt med tittelen «sentral FKB». FKB er ei forkorting for Felles kartdatabase. Pilotkommunane for ein leverandør (Norkart) vart gjennomført som planlagt, medan utviklinga hjå den andre leverandøren (Norconsult) er forseinka. Pilotering med programvare for denne leverandøren er i revidert plan tidfesta til januar 2017. Dette er eit uvissemoment i prosjektet. 6 kommunar er i drift med Sentral FKB ved utgangen av 2016. Gjennom eiga spørjeundersøking har 85 % av kommunane sagt at dei ønskjer å gå over til ny løysing innan utløpet av 2018. Nær 100 kommunar er i dialog med Kartverket og Norkart om innføring i 2017 og dialog med fleire kommunar er planlagt tidleg i 2017. Mange Norconsult-kommunar er også innstilte på innføring i 2017. *Avvik pga. tid.*

3

Vidareføre utviklinga av stadfesta informasjon og andre data om universell utforming i samsvar med handlingsplan for universell utforming.

Vi har utarbeidd ein eigen rapport som gjev status

på dei fire konkrete oppgåvene til Kartverket som er gjevne opp i Regjeringa sin handlingsplan for universell utforming 2015–2019, samt tillegg og presiseringar i brev av 30. mai 2016 (tillegg til tildelingsbrev). Oppsummert har det vore god utvikling på somme oppgåver, men det er også oppgåver som ikkje har hatt den ønska framdrifta. *Avvik pga. tid og kvalitet.*

4

Arbeide internasjonalt med å få fram eit Roadmap til 6 session i UN-GGIM og bidra til implementeringa av denne.

FN sin ekspertkomité for leing av global geografisk informasjon (UN-GGIM) godkjende i august arbeidsgruppa sin rapport og eit «Roadmap» for global geodesi. Det vart også bestemt at

arbeidsgruppa for geodesi skal bli ein permanent underkomité i FN. Mot slutten av 2016 har det blitt arbeidd med å lage dei formelle dokumenta for overgangen til underkomité, og vi har starta arbeidet med å utarbeide ein implementeringsplan for Roadmap.

10

Tillegg til tildelingsbrev frå KMD av 7.11.2016. Samf.-øk. analyse, innan ei ramme på 500 000 kr (frist 27. jan. 2017)

Kontrakt er inngått med Metier. Arbeidet er godt i gang ved utgangen av året og vil bli ferdigstilt med leveranse som fastsett innan 27. januar 2017. Kostnaden vil bli monaleg høgare enn ramma på 500 000 kr.

MÅL 2: TINGLYSING SKAL GJERAST FORSVARLEG, EFFEKTIVT OG MED KVALITET

STYRINGSPARAMETER

Ei forsvarleg saksbehandling for tinglysing, med høg kvalitet og liten tidsbruk.

98,5 % av alle saker er behandla og returnert brukar i løpet av 4 dagar. Dette er veldig gode resultat og ei ytterlegare forbetring frå 2015! Vi har eit stabilt nivå på at 99,8 % av sakene blir tinglyste utan feil. Ventetida på kundesenter var noko over måltalet i 2. tertial. Dette kjem i hovudsak av problem i veke 31 og 32, dels bemanning og dels tekniske problem. Det er iverksett tiltak for at dette ikkje skal gjenta seg. Resten av året har ventetida vore låg, og akkumulert for året er ventetida på 87 sekund.

Auka grad av fullstendigheit på prioritert innhald i bygningsdelen av matrikkelen.

Vi har valt to indikatorar for å følgje opp denne utviklinga i 2016. For «auka fullstendigheit på arealopplysningar for nye bygg/bygningsendringar i matrikkelen» er utviklinga ikkje tilfredsstillande (mål 4 % – resultat 1 %). For «reduksjon på konkrete inkonsistente einingar mot. prioriterte

bygningsopplysningar» er det derimot ei positiv utvikling i forma av ein reduksjon på 20 %, der målet var 10 %. Det ligg godt til rette for å få redusert lista ytterlegare framover. Vi meiner elles at arbeidet med å påverke kommunane til å føre arealopplysningar (og andre bygningsopplysningar) vil bli enklare når bygningsstrategien har vore på høyring og er fastsett. Dette fordi det vil redusere uvisse om kva slags bygningsinformasjon matrikkelen skal innehalde framover. *Avvik pga. kvalitet.*

Auka takt for digitalisering av panteboka.

Dette har gått veldig bra i 2016. Tidleg oppstart gjer at vi har fått ei tilnærma full heilårseffekt av dei øyremerkte midla frå Prop. I S. 14,4 årsverk er tilsette i engasjement, og over 1,1 millionar dokument er digitaliserte som følgje av desse midla. I tillegg har den faste organisasjonen også jobba med dette. Det samla resultatet viser at vi i 2016 har digitalisert over 1,9 mill. dokument frå panteboka.

OPPDRAG

■ 5

Driftssett første versjon av elektronisk tinglysing.

Driftssetjing er utsett til 18.04.2017. Dette er varsla tidleg i 2016. Prosjektet er i rute ved årsskiftet. Utviklingsarbeidet var ferdig medio oktober, i samsvar med planen. *Avvik pga. tid.*

■ 6

Utarbeide vinstrealiseringsplan for elektronisk tinglysing.

Dette har vore ei krevjande, men lærerik oppgåve i 2016. Fleire samarbeidsmøte med brukarane er haldne. Null-punktmåling for alle råka prosessar er gjennomført i veke 35. I tildelingsbrevet for 2017 vart fristen frå KMD sett til 30.04.2017. Det føreligg ved årsskiftet ei skisse til eit første utkast til vinstrealiseringsplan.

■ 7

Levere delutgreiing til matrikkellovutvikling.

Kartverket deltok i møtet med KMD i juni for å drøfte høyringsnotat om organisering av eigedomsoppmålinga. Det vil kunne medføre endringar i matrikkellova. Framlegget vart sendt på høyring ultimo august, noko forseinka. I tredje tertial vart Kartverket bede om å hjelpe med diverse faktagrunnlag til Menon Economics som på oppdrag av departementet utarbeidde ein samfunnsøkonomisk analyse om organisering av eigedomsoppmåling i Noreg. Faktagrunnlag vart levert i tråd med ønska som kom frå dette firmaet. I tillegg leverte Kartverket eiga høyringsuttale.

MÅL 3: EFFEKTIV TILGANG TIL OG BRUK AV KART OG EIGEDOMSINFORMASJON

STYRINGSPARAMETER

■ **Betre tilgang til geodata gjennom Geonorge.**

Målet har vore at ny nasjonal geoportal (Geonorge) innan utgangen av 2016 skal vere 100 % ferdig i høve til prosjektplanen. Dette vart gjennomført. Når det gjeld tilgang til geodata er ein indikator status på dei 142 erklærte DOK-datasetta frå KMD. Der er 65 godkjende og 28 i prosess, medan dei resterande 49 ikkje er påstarta per 31.12.2016.

■ **Auka tal på kommunar med fulldigitale planregister tilgjengeleg gjennom seplan.no.** Ekstraløyving på 10 mill. og rammeavtale med tre digitaliseringsfirma (gode prisar og effektivisering av innkjøpsprosessen) har gjort det mogleg å etablere eller kvalitetsheve digitale planregister for i alt 172 kommunar. 68 av desse blir først ferdigstilte på nyåret 2017. Fleire av dei store kommunane med mange plandata er p.t. ikkje

med i ordninga, og fører til at volumet blir registrert til 67 %. 32 nye kommunar har full-digitale plandata i 2016.

■ **Forbetra basistjenester for vidarebruk av eigedomsinformasjon.**

Eiga teneste for SSB-tenestene er levert, og Statistisk sentralbyrå (SSB) har testa og akseptert. Den resterande utviklinga avventar produksjons-setjing av versjon 1.0 av e-tinglysingsløyvinga. Likevel kan det nemnast at ein i november 2016 hadde utvikla og starta med test av ny endringslogg/endrings-API for dei største brukarane. Eksterne (Norkart og Ambita) starta testing i slutten av 2016. Vi har motteke gode tilbagemeldingar på løysing og testopplegg. Førebels er ingen feil meldt. *Avvik pga. omfang.*

OPPDRAG

■ 8

Sjå til at dei tre kommunane Sandefjord, Andebu og Stokke er slegne saman i matrikkelen, og matrikkelinformasjon for ny kommune 0710 Sandefjord er tilgjengeleg for alle som har behov for dette 01.01.2017.

Testløyvinga for framtidig matrikkelstruktur vart ferdigstilt 01.10.2016. Ein nettstad med nasjonal sjekkliste vart lansert som planlagd, med god respons. Vi har observert ein aukande bruk i løpet av året. Samordningsforum har halde jamlege møte. Vi har også deltekte på ei rekkje konferansar med orienteringar om IKT-konsekvensar av reforma. Samanslåinga av Sandefjord,

Andebu og Stokke samt nokre grensejusteringar vart gjennomførte i nyttårshelga i høve til plan, og med positive tilbagemeldingar frå dei involverte partane.

■ 9


Arbeide med nødvendige tiltak for matrikkelen i samband med kommunereforma, blant dei system for testing, prosessverktøy og samordningsforum.

Sjå omtale over. I tillegg har vi i siste halvdel av 2016 førebudd eit nytt gjennomføringsprosjekt som skal handtere neste runde med kommunesamanslåingar ved nyttår 2017/2018.

NÆRMARE UTGREIING, ANALYSE OG VURDERING PÅ UTVALDE OMRÅDE, INKL. PKT. 4 OG 5 I TILDELINGSBREVET.

Pilotprosjektet for ny høgdemodell som vart gjennomført i 2015, gav oss eit godt grunnlag for oppstart av hovudprosjektet i 2016. I juni vart ein avtale med TerraTec AS inngått for å sikre datafangsten til ein ny nasjonal, detaljert høgdemodell. Landet skal kartleggast med laserskanning med 2 punkt per kvadratmeter. Vi ser også at fleire kommunar ser at det er mogleg å vere med på tilleggsbestilling av fem-punkts måling. Ei tverrdepartemental sentral styringsgruppe er blitt etablert. Som nemnt i del I har det vore krevjande å få inn dei økonomiske bidraga frå dei andre partane i prosjekta. Dette har blitt løyst ulikt frå sektor til sektor. Vi opplever at dette vart betre ivareteke og organisert mot slutten av 2016. I tildelingsbrevet er det i pkt. 5.1. gjeve opp at 46 mill. kr skal brukast til ny digital høgde- og terrengmodell. Vi fekk ytterlegare 10 mill. kr i tillegg til tildelingsbrevet på slutten av året. Sjå meir detaljar i tabell på neste side. Prosjektet finansierast også gjennom samfinansiering og belastningsfullmakter frå andre departement.

GALDHØPIGGEN HØGDEMODELL



Som nemnt i del I fekk Kartverket i statsbudsjettet for 2016 ansvar for tre konkrete tiltak på digitaliseringsområdet. Det vart gjeve øyremerkte tildelingar på 10 mill. kr kvar, til respektive digitalisering av pantebok, digitalisering av planregister og prosessering av djupnedata. Alle desse tre tiltaka har vore svært vellykka i 2016, og dei har gjeve konkrete bidrag til både digitalisering og sysselsetjing.

Tal i 1 000 kr

Prosjekt	Løyving	Kap./post	Rekneskap
Auka digitalisering av panteboka, og strukturering av matrikkel	10 000	595/01	10 000
Digitalisering av planregister ¹⁾	11 000	595/21	7 146
Prosessering av djupnedata	10 000	595/21	9 679
Ny høgdemodell	56 000	595/21	56 000
Kommunereform, RNB 2015 ²⁾	12 000	595/21	6 300

1) Ytterlegare 1,0 mill. kr gjeve på slutten av 2016.

2) Løyving på 12 mill. kr gjeve gjennom RNB 2015.

3,913 mill. kroner vart bruk i 2015. Rest på 1,8 mill. kr brukast 1. tertial 2017.

Auka digitalisering av panteboka har vore eit satsingsområde i 2016. Om lag 2/3 av heile pantebokarkivet er no digitalisert, og ei teljing i veke 38 viste at 77 % av alle eksterne bestillingar kunne hentast digitalt. Dette viser at digitaliseringa gjev ein klar vinst. 14,4 nye årsverk vart tilsette, dei fleste var på plass allereie i januar 2016. Over 1,1 mill. ekstra dokument er blitt skanna i løpet av 2016 som følgje av denne tilleggslovinga. Desse ekstra midla var avgrensa til 2016, men Kartverket har prioritert ei vidareføring av dette tiltaket innan eigne ordinære budsjettammer i 2017. Hovudgrunnen er at vi ser at dette gjev ein stor effekt iht. digitalisering, og vi byrjar no for alvor å sjå målstreken der framme. Det betyr at det er ei moglegheit for at vi i 2019 er ferdig med all digitalisering av panteboka.

I pkt. 5.1 i tildelingsbrevet er det peika på at dei 10 mill. kr som er øyremerkte på kap. 595, post 01 også kan gå til «strukturering av matrikkel». Der har vi starta opp eit lite prosjekt som i korte trekk dreiar seg om ei løysing for å komplettere bygningsinformasjon som manglar i matrikkelen. Det er i 2016 utvikla ein webapplikasjon der eigarar skal kunne rapportere inn bygningsinformasjon som manglar i matrikkelen om deira bygg. Dette som førebuing til eit pilotprosjekt med Asker kommune i 2017, der eit utval bygningseigarar får tilsendt SMS og informasjon om å melde inn manglande bygningsinformasjon.

Arbeidet med digitalisering av planregister vart organisert som eige prosjekt med tett oppfølging. Det har blitt sett i gang arbeid med forbetringar i til saman 172 kommunar i prosjektet. Hovud delen av arbeidet er utført med bruk av eksterne konsulentar gjennom rammeavtarar som vart inngått tidleg på året. Av tildelte midlar i 2016 er det brukt kr 7,146 mill. Kapasiteten hos leverandørar (eksterne konsulentar) er avgrensa og difor er ca. 25 % ikkje slutført ved årsskiftet. Dette vil bli ferdigstilt i 1. tertial 2017. Det er elles positivt at KMD ønskte å bidra til vidare framdrift med dette arbeidet, gjennom å løyve ytterlegare 1,0 mill. kroner i 2016 (tillegg til tildelingsbrev av 09.12.2016 – belastningsfullmakt frå KMD). Sjå elles meir om dette tidlegare i del III under eigen styringsparameter om «auka tal på kommunar med fulldigitale planregister tilgjengeleg gjennom seplan.no».


Ekstra innsats på prosessering av djupnedata har også gjeve ein god effekt i 2016. Vi fekk raskt inn 7 eksterne konsulentar med kompetanse, slik at dei kunne vere produktive i løpet av kort tid. Dei bidrog til at vi fekk prosessert 32 måleoppdrag mot planlagd 20. Sjølv om dette bidraget på 10 mill. kr openbart har hatt ein god effekt, ser vi diverre her ei negativ utvikling mot. å få prosessert ferdig alle måleoppdrag som blir utførte. Auken i målekapasitet, auka volum av mindre måleoppdrag og auka volum av oppdrag for Kystverket har ført til ein ubalanse i produksjonslinja. Vi vil følgje opp dette særskild i 2017.

Av prioriterte oppgåver i 2016 må også arbeidet med elektronisk tinglysing nemnast. Dette er eit av dei største digitaliseringsprosjekta, ikkje berre for Kartverket, men også nasjonalt. Vi måtte tidleg i 2016 informere KMD om at planlagd produksjonssetjing hausten 2016 måtte utsetjast. Kompleksiteten i det nye fagsystemet gjorde det naudsynt med utsetjing til påska 2017. Medan den eksterne løysinga var så godt som ferdig, vart det interne fagsystemet for saksbehandlarane langt meir komplisert å utvikle enn vi såg for oss ved oppstart av prosjektet. Ved utgangen av 2016 er prosjektet i rute, både når det gjeld utvikling og førebuingar til implementering. Vi meiner vi er klare til produksjonssetjing i påska 2017.

Departementet har ønska at vi etablerer ein publikumsportal, med høve for elektronisk tinglysing, som eit verkemiddel ut mot enkeltpersonar og mindre næringslivsaktørar. Aktivitetar rundt ny publikumsportal er enno ikkje byrja på, men Kartverket har starta med tenester som førebur publikum for framtida. Dette gjeld særleg:

- SeEiendom.no
- E-handelsløysing for bestilling av utskrifter frå grunnbok og pantebok

SeEiendom.no har blitt ein informasjonskanal ut mot brukarane som er påliteleg, godt kjent, mykje brukt og ikkje minst oppfattast som ei god og nyttig teneste. Diagrammet under viser ein kraftig auke i talet på oppslag knytt til fast eigedom frå oppstart sommaren 2014 til november 2016.



Denne tenesta kan utviklast vidare med meir innhald, gjerast enklare og tilpassast alle handheldte einingar. På veg mot auka digitalisering har Kartverket kanalen som kan opne for gode publikumstenester. Her kan vi tilby nye og framtidsretta tenester i samarbeid med brukarane våre.

Arbeidet med nytt observatorium i Ny-Ålesund går i hovudsak etter planen. Dei nye antennene vart monterte og installerte i løpet av året, og no er alt det utvendige på plass. Det nye geodetiske jordobservatoriumet vårt på Svalbard vart presentert i beste sendetid på NRK Søndagsrevyen 09.10.2016 og var toppsak på nrk.no. No gjenstår det tekniske utstyret inne i antennene og ein satelittavstandsmålar med laser (SLR). Det er nokre forseinkingar på dette arbeidet, men førebels er ikkje dette kritisk. Økonomien i prosjektet er under kontroll. Rekneskapen viser 178 mill. kr per 31.12.2016. Den økonomiske rest-uvissa er redusert i løpet av året, og vi har ein prognose som tilseier at vi hamnar innanfor Kartverket si styringsramme (P50).



Foto: Bjørn-Owe Holmberg

Arbeidet med sjømåling for Mareano og leing av programmet har blitt gjennomført som tidlegare år. Det er nokre avvik som i hovudsak kjem av at kontraktøren berre har levert 61 % av kontraktsfesta areal. Datakvaliteten på det som er levert har vore god. Det har vore ein ny kontraktør for dette arbeidet. Noko arbeid og midlar må overførast til 2017. Kartverket si eiga måling er utført iht. plan.




Gjennom lanseringa av «Mitt turkart» i februar 2016 har Kartverket opna for utskrift av kart heime. Saman med «Norge rett i lomma», begge no også med sjøinnhald, er det oppnådd svært positiv og god respons frå publikum. Vi har fått betydeleg omtale i både lokale og riksmedium, samt sær god spreing på sosiale medium.

Arbeidet med å etablere ein nasjonal geodata-portal (Geonorge) har fortsett i heile 2016. Prosjektet har hatt god framdrift og ved avslutning 31.12.2016 er resultata gode. Den ekstra innsatsen med tilrettelegging av distribusjon for mange dataeigarar gjennom Geonorge, har vore ein kritisk suksessfaktor i arbeidet med det offentlege kartgrunnlaget (DOK). Vi vil også i 2017 prioritere monalege midlar til vidare oppgradering og utvikling av løysinga.

Hackathonet (#hack4no) vart gjennomført i helga 28.–29. oktober. Målet er å etablere #hack4no som ein årleg, nasjonal arena for opne data og kunnskapsutveksling på Hønefoss. Også i år var dette arrangementet ein stor suksess. Vi meiner at Kartverket gjennom #hack4no har etablert seg som ein føregangsetar for tilgjengelegging og bruk av opne data. Barn og unge blir tekne på alvor gjennom junior-hack (alle ungdomsskolar som har programmering som valfag vart inviterte).

Det er også eit tett samarbeid med Difi, andre etatar, lokale bedrifter og utdanningsinstitusjonar, spesielt synlege gjennom at arrangementet vart halde på Høgskolen i Sørøst-Norge i år. Vi samarbeidde med innovasjonsløft Ringerike og arrangerte eigen dag for studentar, journalistar og næringslivet. Hackathon har tileigna seg ein nasjonal så vel som regional posisjon når det gjeld innovasjon i det offentlege, og statsråd Jan Tore Sanner stod for opninga også i år. At arrangementet også synleggjorde samarbeidsprosjektet vårt med Ringerike kommune for uttesting av sjølvkøyrande bussar, samt ein prototyp for nasjonal høgdemodell i virtual reality, bidrog til stor interesse og synleggjering av arrangementet i media. To av årets vinnarar vart sende vidare til den nordiske finalen på Slush i Finland, og dei hamna der på 1. og 2. plass





STEPHAN (8 ÅR) FRÅ SARPSBORG VISER STATSRAÐ JAN TORE SANNER NOKRE KODE-KNEP PÅ HACK4.NO PÅ HØNEFOSS.

Det er også verdt å nemne at Regelrådet vart etablert i lokala våre på Hønefoss i 2016. Vi greidde å frigjere plass slik at dei frå 1. april disponerte 5 kontor. Med god oppfølging gjennom året og fortløpande avklaringar er tilbakemeldingane frå Regelrådet at dei føler seg godt ivaretekne.

Arbeidet med å innføre vegadresser i heile landet har også i 2016 gjeve svært gode resultat. Ved årsskiftet kan vi rapportere at 89 % av adresseobjekta i landet no har vegadresse (sjå meir under volumtal i del II). I løpet av 2016 har ytterlegare 60 000 personar fått vegadresser der dei bur. Det er i Nord-Trøndelag auken i delen av vegadresser har vore størst. Deretter er det i Sør-Trøndelag og Sogn og Fjordane at flest nye vegadresser har komne til i løpet av det siste året. For fem år sidan var det heile 86 kommunar utan ei einaste vegadresse. Dette talet er no redusert til 18. Vi haustar no vinsten av det gode arbeidet det interne prosjektet vårt gjennomførte i perioden 2012–2014. Det vi ser er eit kjempegodt døme på vinstrealisering for samarbeidspartnarane våre etter at prosjektet er avslutta.

I 2016 har vi saman med Havforskningsinstituttet og Norges Geologiske undersøkelse (NGU) jobba vidare med å førebu og utvikle det moglege kartleggingsprogrammet Marine grunnkart i kyst-Noreg (MAGIN). Ein samfunnsøkonomisk analyse er gjennomført og omtalt nærmare seinare i del III. Hovudutfordringa som MAGIN søker i løyse er at store delar av kysten ikkje er kartlagd med moderne målemetodar. Når detaljerte djupne-data blir etablerte og tilgjengeleggjorde, kan det gje grunnlag for monaleg vekst og verdiskaping langs kysten. I dag er det slik at denne typen kartlegging er relativt kostbar og tidkrevjande. Som volumtalet i del II viser er no 34 % av sjøarealet langs kysten kartlagd med moderne målemetodar. På karta ser ein korleis dette ser ut.

STATUS NORSKEKYSTEN: Det står fortsatt igjen store område langs norskekysten som ikkje er kartlagd med moderne teknologi (multistråle-ekkolodd), spesielt dei kystnære områda (0–1 nautisk mil). I 2016 er det gjort mange revisjonsmålingar langs norskekysten, difor alle dei «små» kartlagde flekkane.




DJUPNEKARTLEGGING PÅ AUSTLANDET: I 2016 har Kartverket brukt mykje tid på å sjømåle område på Østlandet, spesielt i farvatn utanfor Tønsberg, Stokke, Nøtterøy, Tjøme og Sandefjord. I tillegg er det gjort revisjonsmålingar i indre Oslofjord og mindre område i Porsgrunn, Fredrikstad og Sarpsborg.

Gjennom revidert nasjonalbudsjett for 2015 fekk Kartverket ei nøkkelrolle i samband med kommunereforma. Dette er omtalt tidlegare i del II under oppdrag 8. Samanslåinga av Sandefjord, Andebu og Stokke og grensejusteringar mellom Stokke og Tønsberg, samt Sandnes og Sola, vart gjennomførde i nyttårshelga i høve til plan, og med positive tilbakemeldingar frå involverte partar. Vi har elles i 2016 vore opptekne av at rolla vår framover må avklarast, då det er vedteke fleire samanslåingar i 2018, samt endringar på fylkesnivå. Vi trur det vil vere eit stort behov for å vidareføre rolla som koordinator i åra framover.

Dataa våre blir brukte meir og meir, noko som mellom anna visast i talet på oppslag mot cache-tenestene våre (tabell 2014-2016). Likevel er dette den svakaste auken i talet på oppslag sidan tenesta vart innført, og det kan tyde på at trafikken er i ferd med å stabilisere seg. Sjå elles meir omtale av dette i del V. Denne statistikken og mange andre nøkkeltal finst på nettsidene våre www.kartverket.no.

Oppslag mot cachetenestar



Sjølv om vi har fått til mykje i 2016 og har mange positive resultat å vise til, er det også nokre område som ikkje har hatt den forventa måloppnåinga. I tillegg til dei avvika som er nemnte tidlegare i del III, kan følgjande nemnast:

Det har ikkje blitt skanna så mange flybilete som planlagd, og saksbehandlingstida for saker etter lov om stadnamn har vore monaleg lengre enn målet. Årsakene er primært knytte til ressursmangel, men også innføring av ny forvaltningsløysing for stadnamn. Vi slit også med å ta unna alle djupnedata som blir samla inn, og talet på måleoppdrag i kø for prosessering aukar diverre.

Byte av tilknytingsform og overgang til SRS (jf. TDB pkt. 4.1)

Omstillinga frå nettobudsjettert forvaltningsbedrift til bruttobudsjettert forvaltningsorgan har vore krevjande i 2016. Tett integrert i dette arbeidet har vi også førebudd overgang til dei statlege rekneskapsstandardane (SRS). Ressursar frå Deloitte har blitt henta inn for å bistå og leie eit internt prosjekt for å sikre ein vellykka overgang. Dette har vore ei dyr, men nødvendig løysing. Det er identifisert og vedteke nødvendige fullmakter etter ny kapittel/poststruktur som

bruttobudsjettert forvaltningsorgan frå 01.01.2017. Planprosessen for 2017 vart gjennomført etter nye strukturar og oppsett, og det er førebudd for å få ein opningsbalanse som kan godkjennast av KMD i 2017. Som sagt har dette arbeidet vore svært ressurskrevjande for oss i 2016, og vi ser at dette direkte og indirekte har påverka evna vår til anna ønska og nødvendig utvikling på økonomisk og administrativ side. Ei innstramming som har vore nødvendig er at økonomistyring og rekneskapsføring i Kartverket skal vere basert på sams prinsipp og rutinar. Det er difor gjort eit omfattande arbeid for å tilpasse retningslinjer, rutinar og standardar til nye prinsipp. Arbeidet vil bli vidareført i 2017.

Fellesføring om brukarorientering (jf. TDB pkt. 4.2)

Kravet i tildelingsbrevet for 2016 er at vi skal kartleggje korleis brukarane opplever verksemda, og vidare at vi står fritt til å velje metodar for kartlegginga.

Her er det først viktig å understreke at brukarorientering ikkje er noko nytt og ukjent i Kartverket. Det har vi jobba systematisk med over lengre tid, men vi ser også at vi kan bli endå betre på dette området. Eit konkret tiltak i 2016 er at vi har forsterka analysekompetansen vår. Gjennom ei medvitstgjerding av brukarbehov og analysar av desse, kan Kartverket på ein betre måte levere tilrettelagde og samfunnsnyttige data.

I 2016 har vi også etablert ei omforeint liste over Kartverket sine totale leveransar til samfunnet. Dette vil danne grunnlaget for vidare analyse og kopling av brukarinfo opp mot leveransane våre.

Det er etablert metodikk for systematisk innhenting av brukarinformasjon, som analyserast basert på ulike metodar for informasjonsinnhenting frå brukarane (CRM, brukarfora, brukarundersøkingar, samarbeid og intervju). Det generelle inntrykket er at brukarane våre er godt nøgde med kvaliteten på dataa og tenestene våre. Det er likevel funn og forbetningsområde, og her visast nokre døme knytte til sjødataa og sjøkart.

- Basert på auka tal på brukarføresurnader for tilgang til S57-data (format for utveksling av sjøkart) vart det køyrt analyse og oppretta eit tiltak for gratis tilgang til S57 data i eitt år, for å stimulere til auka bruk og innovasjon.
- Informasjonsdag hos NTNU og maritim fagskole i Ålesund og gjennomføring av brukarundersøking av 120 studentar, førte til samarbeid omkring bachelor-oppgåve (sjømåling og crowdsourcing) for 3 studentar og unik kunnskap om NTNU og den maritime fagskolen sin bruk av Kartverket sine data.
- Gjennom brukarundersøking på Sjøtryggleiks-konferansen vart det fanga opp eit behov for samarbeid mellom Kartverket og Sjøfartsdirektoratet for å lage nye skolekart for bruk i den nye båtførarprøva. Dette resulterte i fire nye skolekart, og totalt vart det i 2016 produsert sju nye skolekart basert på tilbagemeldingar frå brukarane.

Det er gjort undersøkingar på nokre av kanalane våre mot brukarane i 2016, medan den store overordna brukarundersøkinga/omdømemålinga først skjer i 2017. Vi har etablert ein praksis der vi gjennomfører ei slik måling annakvart år. Ei analyse av nyheitsbrevne våre viser at utsendingane våre har ein opningsrate på rundt 40 %, noko som er langt over snitt i Skandinavia. Dette er også gode klikkratar. Dette tilseier at endringar bør gjerast med omhug og at nyheitsbrevstrategien er vellykka. Ikkje minst seier det at vi har 11 400 mottakarar som er interesserte i det vi driv med.

Ei kvalitativ undersøking av kartverket.no i november 2016 viser at oppryddinga i struktur og malsider vi gjorde på slutten av 2015 har hatt ein positiv effekt. Brukarane sine forventingar om kva sida skal innehalde stemmer i hovudsak med innhaldet på sida. Undersøkinga viser også at «vegvisaren» er usynleg for brukarane og at kontaktinformasjon ligg «gøymt». Vi har fått tilrådingar basert på funna som det no jobbast vidare med. Trafikken på kartverket.no har auka i 2016 (13 % i 3. tertial ift. 2015). Hovudårsaka er at SeHavnivå har blitt ein del av kartverket.no

og at yr.no ofte lenkjer til dette innhaldet når det forventast større endringar i havnivået.

I den årlege brukartilfredsheitsundersøkinga av nettsidene våre scorar vi 4,6 på ein skala frå 1–6 i generell tilfredsheit, noko som må reknast for å vere veldig bra. Tilsvarende score i 2014 og 2015 var på 4,34 og 4,42. Det viser at dei tilpassingane vi har gjort mot. både innhald, struktur og utsjånad oppfattast positivt. Av 1 936 brukarar av nettsidene svarar over 87 % at dei er samde i at sidene gjev inntrykk av at organisasjonen bak er profesjonell og påliteleg, heile 32 % er heilt samde i utsegna.

Med Kartverket si store kontaktflate og breie spekter av oppgåver, er det til dels utfordrande å få ei felles oversikt over aktivitetar og resultat som understøttar kartlegging av korleis brukarane opplever verksemda. Mange av fagmiljøa våre har utstrekt brukarkontakt gjennom etablerte arenaar, og det gjerast stadig analysar av brukarbehov m.a. i samband med utgreiningar og prosjektaktivitet. Som døme kan vi nemne undersøking om igangsetjing av sentral FKB, der 85 % av 285 kommunar stadfesta at dei ønskte dette innan 2018.

Administrativ føring om lærlingar (jf. TDB pkt. 4.3)

I tildelingsbrevet er det gjeve opp at Regjeringa har ambisiøse forventingar til offentlege verksemder sitt inntak av lærlingar. Konkret er det stilt krav om at vi skal knyte til oss minst ein lærling i 2016.

Kartverket har ved årsskiftet to lærlingar i eit tradisjonelt lærlingeløp som er på to år. Ein lærling innan IKT-faget (august 2015–sommar 2017), og ein ærling innan kontor- og administrasjonsfaget (august 2016–sommar 2018) Vi har også hatt to kadettar på fartøyet vårt Hydrograf, innan dekk- og maskinfag. Ordninga kallast ei «lærlingeordning på sjøen» men er heilt annleis bygd opp og alle utgifter dekkast av ein overeinskomst-avtale. Reint praktisk kan vi kalle dei lærlingar, men dei er ikkje ein del av det tradisjonelle lærlingeløpet.

Oppfølging av Riksrevisjonen sin gjennomgang av 2014-rekneskapen (jf. TDB pkt. 4.4)

I tildelingsbrevet sitt pkt. 4.4 bed departementet om at Kartverket følger opp problema som Riksrevisjonen peikar på i Dokument 1 (2015–2016). Tiltaksplan «Riktig rekneskap» er levert Riksrevisjonen og følgd opp gjennom 2017, 84 av 89 punkt er gjennomførte per 31.12.2016. Dei 5 punkta som gjenstår reknast ikkje som kritiske, og dei er høvelege å gjennomføre i samband med overgangen til bruttobudsjettet forvaltningsorgan og innføring av SRS 01.01.2017. Det har vore eigne møte med departementet om dette i 2016, i tillegg til at dette har vore omtalt i tertialrapportar og vore på agendaen på etatsstyringsmøta.

Riksrevisjonen har gjennomført revisjon av rekneskapen for 2015, utan merknader i revisjonsmeldinga.

Det kan også nemnast at det i tildelingsbrevet for 2016 vart stilt krav om å vurdere internrevisjon, jf. rundskriv R-117 frå Finansdepartementet. Vidare vart det bede om at dette bør sjåast i samanheng med vår omtale av oppfølginga av 2014-rekneskapen. Kartverket følger krav til internrevisjon i høve til ISO 9001. Vi har i 2016 oppdatert interne prosedyrar og retningslinjer i høve til nye føringar frå DFØ. Ein av dei interne revisjonane vi gjennomførte i 2016 var knytt til riktig bruk av kontostreng. Det var ingen kritiske og/eller alvorlege avvik, men fleire funn som vil bli følgde opp i 2017. Sjå meir om revisjonar i del IV.

Oppfølging av beredskapsarbeidet (jf. TDB pkt. 4.5)

I tildelingsbrevet er det omtalt at Kartverket må vere førebudd på å bistå KMD i etableringa av responsmiljø innan IKT (CERT) for sektoren vår. Beredskap og hendingshandtering innan IKT-trugsmål er eit av satsingsområda til Kartverket. Dette vil seie å følgje tilrådingar frå NSM. Vurderinga vår er at det førebels er prematurt å utvikle ein eigen sektorbasert CERT. Kartverket inngår i mange ulike sektorar, og det er i første omgang meir naturleg å samarbeide med ulike «sektorCERT-ar», særleg innan varslings, mobilisering og kommunikasjon. Kartverket har allereie teke

kontakt med nokre «sektorCERT-ar», og dette held fram i 2017. Vi har ikkje registrert nokre konkrete førespurnader frå KMD om bistand på dette punktet. Sjå meir om tryggleik og beredskap i del IV, og i eigen rapport.

Oppfølging av koplinga leiarlønskontrakt og etatsstyring (jf. TDB pkt. 4.6)

I tildelingsbrevet er det omtalt eit pilotprosjekt for å betre koplinga mellom leiarlønssystemet og etatsstyringa. Vi opplever at dette er eit arbeid som er utført på departementsnivå. Kartverket har ikkje registrert spesielt ønske om involvering eller bidrag frå vår side, og har såleis ikkje utført noko knytt til dette punktet.

Digital post

Digitaliseringsrundskrivet 2015 og eige brev datert 14.01.2016 gav Kartverket oppdrag om å ta i bruk Digital postkasse til innbygarane. Vi har i samråd med Difi laga ein plan for denne overgangen innan fristen 1. april 2016. Den tekniske utviklinga har pågått i 2016, med mål om at det skal setjast i drift januar 2017. Endringar i postkassestrukturen frå Difi måtte skrivast om av leverandørane til NOARK5 løysingar. Dette resulterte i behov for oppgradering med ny driftsetjing januar 2017. Kartverket brukar ikkje Altinn sin meldingsboks for utsending av digital post til innbygarane. Ved utsending av fakturaar vil det i 2017 bli lagt ved eit skriv med oppmoding om å ta i bruk Digital postkasse.

Internrevisjon

I høve til Finansdepartementet sitt rundskriv R-117 skal vi vurdere bruk av internrevisjon innan 01.05.2016, jf. TDB pkt. 4.4. Som vi gjorde greie for i styringsdialogen i 2015 har vi i Kartverket i fleire år drive eit systematisk arbeid med internrevisjon. Det vi fortsette med. Vi har i 2016 oppdatert interne prosedyrar og retningslinjer i høve til nye føringar frå DFØ. Det formelle svaret vårt på kravet nemnt over vart sendt over til KMD (med kopi til Riksrevisjonen og DFØ) litt etter fristen 01.05.2016. Sjå elles meir om revisjonar i del IV.

GJENNOMFØRTE EVALUERINGAR

I Kartverket sin interne verksemds- og økonomiinstruks er det valt ein relativt vid definisjon av «evalueringar». Ofte vil leveransar som kallast utgreiing, gjennomgang, analyse, kartlegging, undersøking, revisjonar og brukarundersøkingar passe i definisjonen av «evalueringar».

I 2016 er det gjennomført ei rekkje interne analysar, brukarundersøkingar, revisjonar og evalueringar. Dette gjerast ofte som ein del av ordinær verksemdsstyring og på eit lågare nivå i organisasjonen. I denne rapporten har vi trekt fram nokre av dei litt større og meir vesentlege evalueringane.

Det vesentlege av brukarundersøkingar er omtalt tidlegare under del III, jf. fellesføring om brukarorientering.

Eit tema vi har sett på dagsorden er å sjå nærmare på moglegheita for effektivisering og samordning av Kartverket sine produksjonslinjer. I samband med det har vi bede om råd utanfrå, og 3. tertial 2016 vart det levert to rapportar frå høvesvis Ordnance Survey Int (OSI) og Atkins. I desse rapportane er det produksjonslinjene i Sjødivisjonen og Landdivisjonen som er undersøkte nærmare, og det er også gjeve ein del råd og tilrådingar som vi skal vurdere nærmare i 2017.

På oppdrag frå Kartverket har Menon Economics, i samarbeid med DNV GL, utført ein samfunnsøkonomisk analyse av det moglege kartleggingsprogrammet Marine grunnkart i kyst-Noreg (MAGIN). Analyse er gjennomført i høve til tidsplan og vart levert i september 2016. Leveransane er svært gode og viser at djupnedataa våre er nyttige for meir enn sikker ferdsel. Analysen medverkar til å skildre nytta dataa våre har for den blå økonomien. Rapporten/analysen er offentleg tilgjengeleg på menon.no, og den vurderast publisert i evalueringsportalen.no.

KPMG har gjort ein gjennomgang av kostnadsstrukturen i Sjødivisjonen. Målsetjinga med oppdraget har vore å utarbeide ei overordna vurdering av det faktiske kostnadsbiletet, der vi skil mellom innsamling, produksjon og leveranse av data. Denne analysen vil gje innspel til ytterlegare analysar, for å vurdere kva som bør vere eit realistisk kostnadsnivå for Sjødivisjonen og kostnadsbasen til dei ulike avdelingar i verdikjeda. Arbeid med datainnsamling, analyse og utkast til rapport vart levert innan 2016. Endeleg rapport forventast ferdigstilla innan februar 2017.

Rapport frå matrikkelføringsprosjektet er også verdt å nemne. Bakgrunnen for prosjektet er matrikkelova § 5a, spørsmål om bistand frå kommunar, påtrykk frå andre eksterne interessentar og behovet for å heve kvaliteten i matrikkelen. Prosjektet hadde 7 årsverk og varte frå august 2015 og ut 2016. Kartverket ville gjennom prosjektperioden avklare om vi skulle etablere eit varig føringstilbod eller ikkje. Prosjektet konsentrerte seg om matrikkelføring av jordskiftesaker og kvalitetsheving/retting av eigedomsgrenser. Frå og med 2017 er det etablert ein eigen matrikkelføringsseksjon med bakgrunn i funn og vurderingar gjort gjennom prosjektperioden. Seksjonen fortset arbeidet som vart starta i prosjektet. Nokre viktige erfaringar frå prosjektet er nemnt under:

- Sentral føring gjev lik praksis og lik behandling av «same» sak – Kartverket stillar einsarta krav.
- Sentral føring gjev raskt høg kompetanse (ekspert på kompliserte saker), noko som trengs ved føring av t.d. jordskiftesaker.
- Sentral føring oppnår raskare resultat på landsbasis, m.a. ved involvering av store aktørar som Domstoladministrasjonen, Statens vegvesen, Statskog og SSB.
- Domstoladministrasjonen ønskjer at Kartverket fører jordskiftesaker.
- Manglande kompetanse på eigedsregistrering i etatar som leverer data til matrikkelføring.
- Alle involverte interessentar har vore positive til prosjektet.

- Svakheit at Kartverket er avhengig av ein avtale med den einskilde kommunen for å føre jord-skiftesaker og drive kvalitetsheving/retting.
- Fullt mogleg å sitje langt frå kommunane og føre matrikkelen
- Nødvendig med tilgang til kommunen sine arkiv (papir/digital)
- Kommunane ønskte avlasting for heile saksbehandlinga, ikkje berre sjølve den tekniske føringa.

Ein intern rapport som vi har utarbeidd som ein konsekvens av den nye strategiske handlingsplanen vår, er knytt til Kartverket sine styresmaktsoppgåver. Rapporten viser at i enkelte delar av organisasjonen bør ein klarleggje nærare kva for nokre styresmaktsoppgåver vi har, og korleis vi skal gjera desse på en best mogleg måte. Ei rekkje tiltak er gjort framlegg om og vurderast nærmare i 2017.

Interne revisjonar gjennomførte i 2016 er omtalte i del IV.

INTERNASJONAL VERKSEMD

Kartverket engasjerer seg internasjonalt på eit breitt spekter av fagområde. Nedanfor følgjer eit utval av internasjonalt arbeid som vi har jobba med i 2016.

Kartverket sitt arbeid med bistand har blitt gjennomført på same nivå som tidlegare år. Kartverket har i det alt vesentlege administrert prosjekt med ei total omsetning på ca. 25 millionar kr. Eitt av prosjekta er i Albania og omfattar eit dataforvaltning- og kartproduksjonssystem for ENC og nautiske kart, samt det å framskaffe sjømålingsutstyr til eit eksisterande fartøy. ENC (Electronic Navigational Charts) er den internasjonale nemninga for offisielle elektroniske sjøkart, og snart vil den første albanske ENC bli produsert. Endeleg avgjerd om donering av den gamle målebåten vår Sjøfalk kom i 2016. Denne er blitt oppgradert, utstyrt med multistråle ekkolodd og rørslesensor og klargjort for transport til Albania. Båten vart sendt i slutten av desember og kjem fram til Albania ultimo januar 2017.

Kartverket har delteke som partner i 5 EØS-prosjekt, og vi har samarbeidd med søsterorganisasjonar i 11 land om å utarbeide framlegg til nye prosjekt for neste fase av EØS-mekanismen. EØS-prosjektet i Slovenia vart avslutta i oktober med ein sluttkonferanse 18.10.2016 i Ljubljana. Det reknast som eit svært vellykka prosjekt der donor-partnarane Kartverket og Landmælingar Íslands har fått mange godord for innsatsen sin. Prosjektet i Polen har hatt liten aktivitet frå vår side i 2016. Vi har gjennomført ei evaluering av deira modelleringsaktivitet, og prosjektet avsluttast våren 2017.

Arctic Spatial Data Infrastructure, Arctic SDI, er eit samarbeid mellom 8 nasjonale kartverk i Canada, Finland, Island, Noreg, Russland, Sverige, USA og Danmark. Dette inkluderer også administrasjonen på Færøyane og sjølvstyret på Grønland. Noreg leiar ei av arbeidsgruppene i Arctic SDI. Arbeidet utviklast vidare i samarbeid med Arctic Council. I 2016 har USA hatt leiarvervet, og dette takast over av Finland i 2017. Vi bidreg med kompetanse frå Landdivisjonen og IT.

2016 markerte det siste året som leiar for ISO/TC 211. Kartverket ved Olaf Østensen har leia komiteén sidan starten i 1994. Det har vore halde 43 hovudmøte og meir enn 70 internasjonale standardar har vore utvikla og publisert. Noreg sin innsats i leiinga med leiar og også sekretariat i Standard Norge (Bjørnhild Sæterøy, har også vore med sidan starten) vart applaudert ved fleire høve, til dømes i FN under UN-GGIM i august og under 43. plenarmøte i Redlands, California i desember. Leiinga går no over til Sverige. Aktiviteten i ISO/TC har også bestått i aktiv innsats mot arbeidet i UN-GGIM.

ELF-prosjektet vart avslutta 31. oktober med rapportering og oppfølging av denne frå EU-kommisjonen ut over i 2017. Avslutninga vart markert på ein sluttkonferanse i Leuven, Belgia i slutten av oktober, og ved det siste revisjonsmøtet med Kommisjonen i Luxembourg i november. Det har vore eit svært omfattande prosjekt med 39 partar, eit budsjett på 13 mill. euro og prosjektet gjekk over 44 månader. Kartverket sin del har vore 95,3 månadsverk og ein rekneskap på 1,3 mill. euro der 50 % har blitt dekt av EU gjennom CIP-programmet. Prosjektet må reknast som

vellykka, og følgjast opp med organisering av ei vidare, operasjonell verksemd (ELS). Kartverket spelar også ei svært sentral rolle der, både i ELS Management Board og med teknisk ansvar for vidare drift og forvaltning av løysinga.

FN-arbeidet under UN-GGIM er omtalt tidlegare i del III. Vi har også bidrege i arbeidet i UNGEGN (FN si ekspertgruppe for geografiske namn). Det bør også nemnast at vi gjennom prosjektet nytt jordobservatorium i Ny Ålesund har brei kontaktflate både mot internasjonale fagmiljø, under dette NASA, og den utanlandske leverandørmarknaden.

I løpet av 2016 har vi teke imot besøk eller

organisert workshops for delegasjonar frå mellom anna New Zealand, Irak, Montenegro, Sverige (Lantmäteriet i Gävle), Romania og India.

Etter avtale med Utanriksdepartementet representerer Kartverket Noreg i International Advisory Board for UN Habitats program for landrettar og i den globale koordineringsgruppa for bistand på rettighetsområdet.

Det nordiske samarbeidet er tett og godt innanfor fleire fagområde. Kvart år møtast dei nordiske kartverka for å dele kunnskap og kompetanse. Her kan m.a. nemnast at Kartverket har hatt koordineringsansvaret for samarbeid innan tinglysing i 2015 og 2016.




FRÅ MØTET I FN SIN EKSPERTKOMITÉ FOR LEIING AV GLOBAL GEOGRAFISK INFORMASJON (UN-GGIM) I AUGUST.

INNKREVJING AV DOKUMENTAVGIFTA

I 2016 er det kravd inn dokumentavgift for 8 549 999 000 kr. Når det gjeld sjølve innkrevjinga eller innfordringa, vart det sendt 630 fakturaar til Statens innkrevjingssentral i 2016, ein liten nedgang frå 2015. Desse fakturaane inneheld både krav på dokumentavgift og tinglysingsgebyr. Totalt tal på fakturaar sendt ut i 2016 er 588 450.

Innbetalt dokumentavgift



Dokumentavgifta utgjer 2,5 % av avgiftsgrunnlaget, og hovudregelen er at salspris på eigedommen utgjer avgiftsgrunnlaget. Auken i innbetalt dokumentavgift kjem delvis av ein pris som følgje av prisstiging på bustader og delvis ei mengdeeffekt som følgje av fleire eigedomsoverdragingar.

For 2016 ser vi at det totale volumet av innkravd dokumentavgift berre har ein liten auke frå 2015. Salsprisen på eigedomane aukar framleis, men vi ser at talet på eigedomsoverdragingar som er tinglyst har hatt ein liten reduksjon i 2016 sett i høve til 2015. Dette gjaldt særleg i 1. tertial og 2. tertial.

UTREKNING AV RELEVANTE KOSTNADER SETT OPP IMOT STATEN SINE GEBYRINNTEKTER FRÅ TINGLYSING, SAMT INNTEKTER FRÅ SAL AV EIGEDOMSDATA

I oversikta nedanfor har vi gjort ei samanstilling av alle direkte og indirekte kostnader samt inntekter som er knytte til Kartverket si verksemd med innsamling, forvaltning og formidling av data knytt til grunnbok og matrikkel. Det er verdt å merke seg at gebyrinntektene frå tinglysing ikkje inngår i rekneskapen til Kartverket, men først rett inn i statskassa. Differansen mellom inntekter og kostnader er i hovudsak den same i 2016 som i 2015 og 2014. Det er altså framleis eit signifikant avvik iht. sjølvkostprinsippet.

Kostnader	2014	2015	2016
Tinglysing drift	220 832	222 575	238 885
Tinglysing utvikling (etinglysing/ny grunnbok)	32 254	37 507	38 910
Matrikkel drift (forvaltning, brukarstøtte mv.)	35 872	35 647	39 970
Matrikkel utvikling	8 153	8 015	8 117
Formidling av eigedomsdata – grunnbok	1 843	2 343	2 350
Formidling av eigedomsdata – matrikkel	4 809	3 782	2 763
Sum kostnader	303 763	309 869	330 635
Inntekter			
Gebyr burett fakturert Kartverket	-55 396	-57 888	-61 142
Gebyr burett frå Ambita	-5 659	-4 796	-466
Gebyr fast eigedom fakturert Kartverket	-326 061	-331 162	-371 343
Gebyr fast eigedom frå Ambita	-40 406	-36 256	-3 372
Sum gebyr	-427 522	-430 102	-436 323
Formidlingsinntekter - grunnbok	-2 699	-5 845	-6 160
Formidlingsinntekter - matrikkel	-1 167	-1 933	-1 970
Sum sal eigedomsdata	-3 866	-7 778	-8 130
Sum inntekter	-431 388	-437 880	-444 453

Merknader til tabellen:

a) Ordninga med at Ambita kravde inn gebyr på vegner av staten opphørde frå 01.01.2016, men slik at inntektene frå desember 2015 vart innbetalte i januar 2016.

b) Auken på kostnadssida frå 2015 til 2016 er m.a. knytt til auka aktivitet på etinglysingsprosjektet, samt arbeidet med kommunereform og tilpassingar i matrikkel. Vidare er 9,8 mill. kr av auken på tinglysing drift knytt til auka digitalisering av panteboka, og 6,1 mill. kr forklarast med ei teknisk flytting av kostnadene med forvaltning av ny grunnbok.

c) Gebyrinntektene har auka svakt og er også noko høgare enn omfang og fordeling av ordinære rettsstiftingar. Dette skyldast at vi i 1. tertial har hatt ein særskild transport av meir enn 31 000 pantedokument i samband med oppretting av eit nytt selskap i Skandiabanken. Denne «tekniske» transaksjonen innebar om lag 16 mill. kr i auka gebyrinntekter.


d) Fordeling mellom drift og utvikling for matrikkelen er ikkje samanliknbar mellom 2014/15 og 2016. I 2014 og 2015 vart IT vedlikehald vurdert som «utvikling». Dette er rettmessig endra til «drift» i 2016. Vidare er arbeidet med kommunereform og tilpassingar i matrikkel inkludert i linja «matrikkel utvikling» for 2016. Denne kostnaden på 2,622 mill. kr vart ved ein inkurie ikkje teke med i rekneskapstala for 2015. I 2016 utgjer denne kostnaden 4,221 mill. kr.

e) Fordeling mellom drift og utvikling for tinglysing er ikkje samanliknbar mellom 2015 og 2016. I 2015 vart forvaltning av ny grunnbok vurdert som «utvikling». Dette er endra til «drift» i 2016.


f) Statsoppdraget på post 01 inkluderer også Kartverket sine kostnader knytt til dokumentavgiftsforvaltninga. Vi kan ikkje skilje ut desse kostnadene i rekneskapen, men i samband med utgreiingsarbeidet om endringar i dokumentavgiftsforvaltninga anslo ein Kartverket sine kostnader knytt til dette til om lag 3,5 mill. kroner.

UTGREIING FOR, ANALYSE OG VURDERING AV RESSURSBRUK INKLUDERT KOMMENTARAR OG FORKLARINGAR TIL VESENTLEGE MEIR- OG MINDREUTGIFTER/INNTEKTER

Delen av driftskostnader i Kartverket fordeler seg på følgjande måte mellom resultateiningane:



Delen av årsverk i Kartverket fordeler seg på følgjande måte mellom resultateiningane:



Landdivisjonen står for 34 % av dei totale drifts-kostnadene, medan dei står for 28 % av totale årsverk per 31.12.2016. Dette skyldast mellom anna ein høg grad av kjøp av eksterne tenester, samanlikna med andre resultateiningar.

Sjødivisjonen har 21 % av dei totale driftskost-nadene, og 15 % av totale årsverk per 31.12.2016. Noko av forklaringa til dette er knytt til reiarlags-verksemda og Mareano.

I tinglysingsdivisjonen ser vi eit motsett bilete der totale årsverk utgjer 33 % per 31.12.2016, medan driftskostnadene berre utgjer 16 %. Dette forklarast med at ein stor del av kostnadene i tinglysing er lønskostnader, samanlikna med andre resultateiningar.

Forskjellen i lønsdel mellom resultateiningane har også årsak i ulikt utdannings- og kompetansenivå.

Det er berre mindre endringar i prosentvis forde-ling av driftskostnader mellom resultateiningane samanlikna med 2014 og 2015.

Det er også berre mindre endringar i prosentvis fordeling mellom årsverk i resultateiningane samanlikna med 2015.

UTNYTTINGSGRAD OG MINDREFORBRUK 2016

Kartverket har i 2016 hatt fullmakt til å overføre mellom postane 01, 21 og 45. Det er overført frå post 01 til postane 21 og 45 for å finansiere forbruk på desse postane. Det er difor ein utnyt-tingsgrad på 100 % på postane 21 og 45. Post 01 – drift tinglysing – har ein utnyttingsgrad på 95 %; dette gjev eit mindreforbruk på 14,8 millionar kr som søkast overført til 2017. Jordobservatoriet på Ny-Ålesund (post 30) har den lågaste ut-nyttingsgraden – 58 %, ubrukte middel søkast overført til 2017.

		Utnyttingsgrad
Post 01	Drift tinglysing	95 %
Post 21	Drift resten av Kartverket	100 %
Post 30	Jordobservatoriet Ny-Ålesund	58 %
Post 45	Investeringar	100 %


Kartverket har totalt eit mindreforbruk på løyving i 2016 på 51,6 mill. kr, av desse er 36,7 mill. kr relaterte til nytt jordobservatorium i Ny-Ålesund Årsakene til mindreforbruket kjem i all hovudsak av forseinkingar i innkjøp av SLR og breibands-feed, i tillegg til at det er brukt mindre midlar til VLBI-teleskop enn budsjettert.

Resterande mindreforbruk er knytt til ordinær drift på 01-posten (drift tinglysing) og skyldast i stor grad mindre lønskostnader enn budsjettert.


Oversikt over utviklinga av mindreforbruket i Kartverket dei tre siste åra:

■ 2014 ● 2015 ■ 2016

Mindreforbruk 01 post 2014–2016



Mindreforbruk 21 post 2014–2016




Kommentar og oversikt over gjennomførte investeringar

Kartverket har i 2016 hatt eit investeringsnivå på nivå med 2014, men vesentleg høgare enn fjoråret. Dei totale investeringane i 2016 er på 33,4 mill. kr og er vesentleg knytt til IT-området. Sjå omtale om status på IT-infrastrukturen vår i del IV.

På IT-området har innkjøp for skalering av og utskiftingar i infrastrukturen vore den tyngste investeringa. I tillegg er det utbetalt vel 9 mill. kr i 2016 på IT-investeringar som er gjort i 2015.

IT	24 504 000
Tenestene	4 348 000
Geodesi	1 052 000
Land	1 143 000
Tinglysing	2 548 000




ANDRE RELEVANTE RESULTAT OG AKTIVITETAR

I tillegg til det opphavlege tildelingsbrevet har vi motteke nokre tillegg til tildelingsbrevet og

særskilde tilskotsbrev i løpet av året. Desse er gjengjevne i oversikta under.

Dok. nr.	Avsender	Tittel	Dokumentdato
15/01181-12	KUD	Statstilskot for 2016 – tilskotsbrev til Statens kartverk. kr 5 363 000 over kap. 326, post 78. Tilskot til forvaltnings-oppgåvene Statens kartverk har etter lov om stadnamn, mel-lom anna drift og utvikling av Sentralt stadnamnregister (SSR).	11.01.2016
15/01181-39	KMD	Tillegg til tildelingsbrev for Kartverket – Overføringar frå 2015. Godkjenning.	21.03.2016
15/01181-43	KLD	Tillegg til tildelingsbrev for Kartverket – Overføringar frå 2015. (om MAREANO) Godkjenning.	04.04.2016
15/01181-48	KMD	Tillegg til tildelingsbrev - midlar til arbeid med universell utforming. Belastningsfullmakt frå BLD på 1,31 mill. kroner over kap. 872, post 71 til bruk i Kartverket for arbeid med universell utforming.	30.05.2016
15/01181-51	KLD	Belastningsfullmakt om arbeid med ny digital høgde- og terrengmodell. 3,0 mill. kr over kap. 1410 post 21.	09.06.2016
15/01181-63	KMD	Tillegg til tildelingsbrev for arbeid med DOK og auke av kap. 595, post 01. Kr 500 000 til to prosjekt over kap. 500, post 21. Kap. 595, post 01 aukast med kr 300 000 til 325,842 mill. kroner.	27.10.2016
15/01181-65	KMD	Tillegg til tildelingsbrev for arbeid med samfunnsøkonomisk analyse (til arbeid med ny digital høgde- og terrengmodell.). 500 000 kr, faktura.	07.11.2016
15/01181-71	KLD	Tillegg til tildelingsbrev - arbeid med digitaliseringa av plan-register. 1,0 mill.kr over på kap. 500, post 21.	09.12.2016
15/01181-72	KMD	Tillegg til tildelingsbrev og nytt rundskriv R-10. (frå nysalde- ringa). 10 mill.kr over kap. 595, post 21. Til arbeid med ny digital høgde- og terrengmodell.	20.12.2016



Tilskota visast under samfinansiering i rekneskapsen vår. Belastningsfullmaktene er nærmare omtalte i del VI.

Status når det gjeld universell utforming er omtalt nærmare i eige vedlegg. Dei andre punkta dreiar seg stort sett om justeringar knytte til krav eller føringar frå tildelingsbrevet, og dei er difor ein del av omtalen tidlegare i del III.

EI SAMLA VURDERING AV MÅLOPPNÅING I HØVE TIL SAMFUNNSOPPDRAGET OG REKNESKAPSRESULTATET TOTALT.

I den reviderte verksemds- og økonomiinstruksen vår av 17.02.2016 er føremål og samfunnsoppdrag skildra under pkt. 2.1. Det går ikkje klart fram kva som er høvesvis føremål og samfunnsoppdrag.

Vi meiner det første avsnittet er ganske dekkande for samfunnsoppdraget vårt:

Kartverket er staten sitt fagorgan for kart, geodata og eigedomsinformasjon. Kartverket skal dekke eit felles databehov som mange brukarar har for kart, stadfesting og annan geografisk informasjon. Kartverket skal bygge og vedlikehalde ein nasjonal geografisk infrastruktur for sjø og land, og samarbeide med kommunane,

statlege etatar og andre som bidreg til det offentlege kartgrunnlaget. Kartverket skal etablere og forvalte nasjonale kart og register, og gjere desse tilgjengelege for offentlege og private brukarar og ålmenta generelt. Kartverket skal syte for ei effektiv formidling av eigne data og stimulere til auka bruk av geografisk informasjon, i tett dialog med brukarane.

Dei oppgåvene som dette fører med seg er gjort greie for tidlegare i del III, med status på 12 styringsparameter og 10 oppdrag i tildelingsbrevet for 2016 I tillegg er det nokre konkrete oppgåver som er omtalte. Vi har gjennomgåande oppnådd gode resultat og innfridd dei krava som vart stilte. Dei høgst prioriterte oppgåvene i 2016, meiner vi har hatt spesielt god måloppnåing. Der vi ikkje er heilt i mål, har det i det vesentlege forklaringa si i at vi er avhengige av dialog og samarbeid med andre partar, og at dette har teke meir tid enn forventa. Kartverket sitt risikonivå og tryggleikstilstand i 2016 har vore meir utfordra enn tidlegare år, med mellom anna fleire tryggingstruande hendingar og tryggleiksbrot enn tidlegare. Dette har kravd ein del ressursar, og har påverka vår måloppnåing på enkelte områder. Nokre av måla som vi sjølv har sett er veldig ambisiøse, og vi har ikkje hatt full uttelling i 2016. Måla er framleis viktige og riktige, men vil ta noko lenger tid å oppnå. Vi har hatt ein god utnyttingsgrad på tildelte middel, vesentlig betre enn i 2015. Rekneskapsresultatet vårt er nærmare gjort greie for under del VI.

STYRING OG KONTROLL I VERKSEMDA



Kartverket har god styring og kontroll, tilpassa eigenarten og behova våre. I 2016 har Kartverket oppnådd alle vesentlege mål og resultatkrav fastsett av eigardepartementet vårt. Riksrevisjonen sitt arbeid med revisjon av 2014-rekneskapen avdekte fleire uheldige tilhøve. Dette vart omtalt i årsrapporten for 2015. Når vi ser at Riksrevisjonen ikkje hadde merknader til 2015-rekneskapen, tyder det på at dei tiltaka vi sette i gang har hatt god effekt.

I Kartverket skjer styring og rapportering på 7 resultatansvarlege einingar. Resultateiningane er dei fire divisjonane (geodesi, land, sjø og tinglysing), IT, tenestene samla og kartverkstaben. I 2016 har vi gjort ei mindre justering ved at kartverkstaben og tenestene blir styrte og følgde opp samla.

RISIKOSTYRING

Risikostyring er ein integrert del av verksemdstyringa og blir følgd opp i mål- og resultatstyringa gjennom året, både i verksemdsplanar og tertialrapporteringar.

Resultateiningane sine risikovurderingar og risikoreduserande tiltak blir drøfta på tertialvise dialogmøte og elles etter behov. I Kartverket driv vi risikostyring primært på resultatområdenivå, samt på eit utval av prioriterte og viktige prosjekt. Totalt dreier det seg om rundt 50 ulike område.

Vi følgjer dette spesielt opp i 1. tertial, der det vart vurdert

- om det er sett klare mål for arbeidet i 2016
- om det finst dokumenterte og oppdaterte risikoanalysar som vurderer risiko for måloppnåing
- kva slags kvalitet risikoanalysen har

På det tidspunktet fekk eitt område risikograde-ringa «kritisk», medan 10 område fekk graderinga «høg». Dei andre resultatområda var jamleg fordelt mellom nivåa «middels» og «låg». På generell basis er det fleire årsaker til at ein gjev ei vurdering som «kritisk» eller «høg». Til dels er det utfordringar med avklaringar med utanforståande innan den tidsplanen vi hadde sett for oss, til dels er det også oppstarts- og gjennomføringsutfordringar ved at nøkkelpersonell er låst i andre og høgt prioriterte oppgåver.


I andre halvår 2015 vart det implementert eit nytt Excel-basert verktøy for risikostyring, med utgangspunkt i eit verktøy tilbyde frå DFØ. Dette verktøyet vart teke i bruk for planprosessen for 2016 og under styring og oppfølging i løpet av året. Det interne rammeverket vårt for risikostyring med tilhøyrande prosedyre var planlagt revidert i 2016, men dette måtte utsetjast til 2017.

IT- INFRASTRUKTUR

Vi vurderer IT-infrastrukturen i Kartverket til å vere robust, fleksibel og med eit tilfredsstillande tryggningsnivå. Likevel ser vi at trusselnivået i samfunnet generelt er aukande slik at vi kontinuerleg må jobbe med forbetra tiltak og ny teknologi for å møte desse utfordringane. Sjølv «organisk vekst» i talet på serverar og lagringsbehov er også så høg at vi heile tida må vere merksame på dette. Med «organisk vekst» meiner vi datavekst som følgje av normal produksjon. På toppen kjem nye og større satsingar som ny høgdemodell. Som vi har vist i del III er det brukt eit betydeleg beløp i 2016 på ulike IT-investeringar.

Diagrammet viser utviklinga i lagringskapasitet målt i terrabyte (TB) dei siste åra.

Lagringskapasitet i TB



VERKSEMDS- OG ØKONOMIINSTRUKS

Kartverket fekk ein revidert «Verksemds- og økonomiinstruks» frå KMD datert 17.02.2016. På bakgrunn av denne og ein del interne endringsframlegg gjennomførte vi ein større revisjon av den interne verksemds- og økonomiinstruksen vår i 1. tertial 2016. Som følge av endra tilknytingsform vil den overordna instruksen vår bli endra også i 2017, og vi planlegg difor ein større revisjon av den interne instruksen vår i 1. tertial 2017. Den interne instruksen vår er eit godt hjelpemiddel for å gjennomføre ei effektiv og høveleg planlegging og styring av Kartverket.

STATUS INTERNKONTROLL

Kartverket sitt system for internkontroll baserer seg i hovudsak på ISO 9001 (system for kvalitetsstyring), som i liten grad avviker frå rettleiaren for internkontroll frå DFØ. Kartverket har i 2016 oppdatert tryggleiksstyringa til ISO 27001, og styringssystema er difor lettare integrert som del av den ordinære verksemdstyringa. Det betyr til dømes at nyleg oppdaterte leiingsverktøy for kontroll og oppfølging, slik som leiinga si gjennomgåing, internrevisjon og kontinuerleg forbetring med avvikshandtering, har same tilnærming (prosedyrar) sjølv om områda for særleg merksemd og faglege tema vil variere. Kartverket brukar TQM forbetring som verktøy for avvikshandtering og forbetring. Status for avvik og forbetningsframlegg brukast som del av ordinær verksemdstyring, til dømes i tertialoppfølging eller i avdelingsmøte. Det er framleis store forskjellar i graden av kor mogen dei ulike einingane våre er innan systematisk forbetring.

Finansdepartementet bad i rundskrivet sitt R-117 om ei vurdering av innføring og innretting av internrevisjon i tråd med retningslinjer frå DFØ. Denne vurderinga vart frå vår side i all hovudsak utført i 2015, men det formelle svarbrevet vårt om dette vart først sendt i juni 2016. Internrevisjonen er gjennomført i heile Kartverket sidan 2011 som eit ledd i Kartverket si satsing på kvalitetsstyring. Internrevisjon inngår som eit av leiinga sine verkemiddel til kontroll, oppfølging og forbetring.

Kartverket har oppdatert prosedyren for internrevisjon og utarbeidd eit revisjonsprogram for 2016 som følgjer dei nye retningslinjene frå DFØ. Kartverket brukar ISO 19011 som standard for internrevisjon, men skal også bruke standardar frå IIA (Institute of Internal Auditors) der det er høveleg.

Revisjonsprogrammet for 2016 vart med nokre unntak gjennomført som planlagt. 9 interne revisjonar er gjennomførte og avslutta, medan ytterlegare 7 blir slutførte i januar/februar 2017. Utsetjingar kjem i hovudsak av kapasitetsproblem eller at det ikkje er praktisk mogleg å gjennomføre og revidere på dei planlagde tidsromma, enten fordi det kolliderer med andre prioriterte oppgåver

eller at dei reviderte ikkje har ferdigstil relevant dokumentasjon slik at dei er reviderbare. Vi ser fleire forbetningsområde internt hos oss med omsyn til rutinar rundt gjennomføring av internrevisjonar. Dette går mellom anna på kompetanse hos revisor, tilstrekkeleg prioritering av gjennomføring av sjølve revisjonen, og raskare levering av rapportar etter gjennomført revisjon. Dette vil bli følgt opp i 2017.

Kartverket gjennomfører tilsyn etter tryggningslova hos leverandørar av tryggningsgraderte innkjøp og hos kommunar etter matrikkellova. Kartverket har også årlege revisjonar frå Det norske Veritas (DNV-GL) som følgje av ISO-sertifisering av kvalitetssystemet i sjødivisjonen. Vidare har Sjøfartsdirektoratet årlege revisjonar av fartøy og reiarlag i sjødivisjonen som oppfølging av krav frå International Safety Management Code. Alle funn frå interne og eksterne revisjonar blir registrerte og behandla i verktøyet TQM forbetring.

BEMANNINGS-, KAPASITETS- OG KOMPETANSESITUASJONEN I VERKSEMDA

Vi har ein stor del faste kostnader, av desse er lønskostnaden den største enkeltposten (jf. nøkkeltal under del II). Vi har difor sett det nødvendig å ha ei sterkare styring med utviklinga i talet på årsverk. Målet har vore å redusere talet på årsverk noko, men at dette skulle skje gradvis og ved naturleg avgang. Føremålet var å gje større fleksibilitet til å handtere endringar og nye oppgåver i tida framover. Som volumtalet i del II viser ser vi i 2016 ein viss auke i talet på årsverk. Dette kjem i hovudsak av nye oppgåver og tidsavgrensa prosjekt, men dette løysast i større grad enn tidlegare med mellombels tilsette. Kartverket har dekkjande kompetanse på kort sikt i høve til eksisterande prosessar og arbeidsmetodar, men vi treng ein større del med ny kompetanse for å tilretteleggje for nødvendige endringar i tida som kjem. I delar av verksemda har vi ein relativt stor del tilsette over 60 år, og mange av desse sit med kritisk kompetanse. Ei slik utskifting av bemanninga som følgje av

naturleg avgang, vil også seie at vi får eit høve til å tilpasse kompetansen til dei endringane vi ser kjem, og til den kompetansen som det er behov for. Tema som prosjektleiing, leiarutvikling og analysekompetanse er det behov for i fleire einingar og er planlagt adressert med felles tiltak i 2017. Metodikk og systematikk for å jobbe med kompetanseutvikling i Kartverket vil vere eit prioritert område framover. Vi har god tilgang på søkarar ved ledige stillingar. Vi har i 2016 hatt 81 stillingsannonser, behandla 2 333 søknader og tilsett 183 personar (inkludert sommarvikarar). Dette er om lag på same nivå som i 2015. Eitt utviklingstrekk her at det opplevast utfordrande med fleire kandidatar som ønskjer å vere unntatte offentleg innsyn, i lys av auka digitalisering, høve for søk og generell auke i publisering av søkjelister frå lokalaviser.

Vi opplever ei stor endring i rekrutteringssituasjonen i Stavanger, der det pga. marknaden har vore mange godt kvalifiserte søkarar til dei stillingane som har vore utlyste i tillegg til at turnover i regionen er låg. Vår eigen turnover er også svært låg i Stavanger.

Innanfor nokre definerte fagområde er det likevel vanskeleg å rekruttere kvalifiserte fagfolk, og vi merkar også godt konkurransen med privat sektor. Landdivisjonen har i fleire av tilsetjingsprosessane i 2016 hatt problem med å rekruttere ønska personell på grunn av lønsnivået. Handlingsrommet for å konkurrere på løn er avgrensa, men må klargjerast og brukast så langt det er rekningssvarande.

Vi erfarer at vi innanfor IKT har greidd å bygge ein særst tung utviklingskompetanse dei siste åra. Særleg gjeld dette for utvikling, vedlikehald og drift av våre eigne store register. Dette gjer oss i stand til å handtere arbeidet med eigne ressursar utan å vere for avhengig av mykje kostbar konsulenthjelp. På bakgrunn av at fleire større løysingar blir sett i drift i 2017, må IT-kapasiteten vår styrkast. Dette gjerast i hovudsak med å tilsetje eigne medarbeidarar og i liten grad ved kjøp av konsulenttenester. Det er også gjort prinsipielle val knytt til dette som gjev føringar for heile Kartverket.

Kartverket jobbar systematisk med kompetanseheving for våre tilsette. Internt har vi vår eigen «kartverkskole», eit kurssenter som organiserer det meste av kurs, seminar etc. I 2016 vart det halde 79 kurs, ein monaleg auke frå 2015.

PROSJEKT OG OPPSTARTA TILTAK KNYTT TIL VERKSEMDA SINE SYSTEM (FOR STYRING OG KONTROLL)

Innføringa av Agresso som forretningssystem i Kartverket pågår framleis. Vi har bygd opp kompetanse og hausta nyttige erfaringar i bruken av systemet. Vi har likevel ikkje oppnådd den forbetringa vi har ønska om å utnytte systemet betre som eit verktøy for styring og kontroll. Hovudforklaringa er at nøkkelressursar har vore prioriterte inn i prosjektet «Innføring av Statlege rekneskapsstandardar og overgang til ny tilknytingsform». Dette prosjektet har også medført monalege endringar i vår styringsmodell og økonomimodell. I siste halvdel av 2016 vart det jobba godt med innføring av porteføljestyling i Kartverket. Rammeverk, malar og prosedyrar er reviderte og til dels utarbeidde. Sentrale prinsipp frå porteføljestyling vart inkluderte i planprosessen for 2016, og full porteføljestyling med månadleg oppfølging realiserast frå januar 2017.

FORVALTNINGA AV EIGNE EIGEDLAR (MATERIELLE VERDIAR)

Kartverket har eit eige materiellrekneskapsregister som frå og med 2014 er integrert i forretnings-systemet vårt, Agresso.

OPPFØLGING AV AVDEKTE SVAKE SIDER/UTFORDRINGAR, UNDER DETTE MERKNADER FRÅ RIKSREVISJONEN

Kartverket fekk merknader til 2014-rekneskapen i Riksrevisjonen sitt dokument 1 (2015-2016). Dette

vart grundig omtalt i årsrapporten vår for 2015. Tiltaka vi har sett i verk ser ut til å virke, og Riksrevisjonen hadde ikkje merknader til 2015-rekneskapen.

Ut over det som er nemnt over har vi sjølvsagt mange andre utfordringar i Kartverket der vi ønskjer å forbetre både prosessar og resultat. Her kan det mellom anna visast til omtale av somme avvik i del III. I denne samanhengen vel vi å trekkje fram to område særleg:

Einskapleg styring internt


Over fleire år har vi jobba med å endre styringa av Kartverket frå eit system med autonome divisjonar til meir heilskapleg, felles og overordna styring. Dette arbeidet skjer på mange nivå, frå Kartverket si leiargruppe til praktisk verksemdsstyring. Etablering av sams styringsprinsipp er noko som har fått auka merksemd. Overgang til SRS og ny tilknytingsform har på mange måtar tvunge oss til å forsterke innsatsen på dette området.

Høgt sjukefråvær i tinglysingsdivisjonen

Tinglysingsdivisjonen har alltid hatt eit høgt sjukefråvær. Dette har fleire naturlege forklaringar, spesielt at det er høg kvinndel (om lag 83 %). Dette er langt høgare enn kvinndelen på landsbasis (47 % jf. Arbeidskraftundersøkinga frå SSB). Det er eit klart mål for oss å redusere sjukefråværet, og det er jobba systematisk og godt med dette i mange år. Vi følgjer utviklinga i sjukefråværet tett og har god dialog med både bedriftshelsetenesta og den sjukmelde. I diagrammet på neste side ser vi den positive utviklinga i sjukefråværet i perioden 2012–2016.

Ein ser ein liten auke i 2016, men når vi ser bak tala er ikkje biletet så eintydig. Hovudgrunnen til auken var ein topp i 1. tertial 2016 der sjukefråværet var svært høgt. Vi må tilbake til 1. tertial 2011 for å finne tilsvarande tal. Utviklinga mot slutten av 2016 var veldig positiv, og om ein samanliknar 3. tertial 2016 med 3. tertial 2015 er det ein reduksjon frå 8,1 til 6,9 %. Vi meiner difor framleis at vi over tid har ei positiv utvikling og at resultatet 2016 er ein korleksjon.

Sjukefråvær tinglysingsdivisjonen




VESENTLEGE PERSONALMES- SIGE TILHØVE, LIKESTILLING, HMS/ARBEIDSMILJØ, DISKRI- MINERING, YTRE MILJØ OG LIKNANDE.

Kartverkssjef Anne Cathrine Frøstrup fekk i 2016 oppdrag om å leie eit utval om politiet sine særorgan. Frå august og ut 2016 har jo jobba i 50 % stilling, og deretter er ho borte ut mai 2017. Knut Arne Gjertsen fungerer som kartverkssjef, og Reidun Kittelsrud tek ansvaret for tenestene og har gått inn i leiargruppa. Elles er Birte Noer Borrevik tilsett som ny direktør for sjødivisjonen.

Etter ein monaleg nedgang i sjukefråværet i perioden 2013–2015, ser vi igjen ein viss auke i 2016. Dette må følgjast opp særskild i 2017. Det langsiktige målet vårt om å kome ned under 5,0 % sjukefråvær ligg framleis fast. Det er likevel store variasjonar i sjukefråværet mellom dei ulike resultateiningane, sjølv om auken i 2016 er spreidd over alle einingar. Utviklinga i tinglysingsdivisjonen er omtalt særleg ovanfor.


Sjukefråvær 2014–2016



I Kartverket har vi medarbeidarar med bakgrunn frå 35 land fordelt over heile verda. Det er totalt 75 medarbeidarar med utanlandsk bakgrunn, av desse 30 med ikkje-vestleg bakgrunn. Dette er på same nivå som i 2015. Vi opplever ei stor interesse for fagområda våre, og at Kartverket er ein attraktiv arbeidsgjevar sett frå eit internasjonalt perspektiv.


Når det gjeld alder og kjønnsfordeling er situasjonen veldig stabil, sjølv om ein kan ane ein noko auka kvinndel over tid. Ved utgangen av 2016 er kjønnsfordelinga 46,2 % menn og 53,8 % kvinner. Fleire detaljar om kjønnsfordeling og likestilling finst i eige vedlegg.

Kjønnsfordeling




Gjennomsnittsalderen i Kartverket er 46,8 år. Det er omtrent som 2015, men klart høgare enn perioden 2012–2014. 15 % av medarbeidarane er over 60 år. Det er omtrent som i 2015 og er både ei utfordring og ei moglegheit, jf. omtalen av turnover.

Alder snitt 2014–2016



Kartverket har over lengre tid hatt ein relativt sett låg og stabil turnover. Gjennomsnittet 2010–2016 ligg på 5,5 %, og i ein slik tidshorisont er trenden også fallande. Den vesle auken vi såg i 2015, er korrigert i 2016. Låg turnover kan vere ein indikasjon på god trivsel og eit godt arbeidsmiljø. Samtidig kan det vere negativt med ein for låg turnover, då ein ikkje får inn nok ny og oppdatert kompetanse. Ein stor del av arbeidsplassane våre er lokaliserte i distrikt der moglegheita for alternativt arbeid er avgrensa. Ein turnover i storleiken 6–9 % vil etter vår vurdering vere sunt for Kartverket.

Turnover 2010–2016



I 2012 starta Kartverket arbeidet med ein eigen handlingsplan for universell utforming for perioden 2013–2015. Handlingsplanen er no fullført, og temaet universell utforming følgjast opp som ein del av ordinær verksemdsstyring og mellom anna HMS-arbeid.

HMS-arbeidet i Kartverket følgjer ein fast årleg prosedyre. Planar og årsrapportar blir gjort tilgjengelege for alle tilsette. Gjennomførte HMS-aktivitetar i 2016 er mellom anna mål- og utviklingssamtalar, ei verneombodssamling, fysiske vernerundar og AMU-møte.

I 2016 har vi hatt éi varslings sak, som er blitt handtert i tråd med vedtektne prosedyrar.

Kartverket er medvitne om ansvaret vårt når det gjeld likestilling (kjønn, etnisitet og funksjonsevne), både ved stillingsutlysing og tilsetjingar. Vi er ikkje kjent med at det førekjem diskriminering korkje på kjønn, etnisitet eller alder. Det må likevel nemnast at Kartverket i 2016 har hatt ein sak der ein stillings-

søkar har klaga til Likestillings- og diskrimineringsombudet. Påstanden var knytt til etnisk diskriminering som følgje av at søkaren ikkje vart kalla inn til intervju. Ombudet konkluderte med at vi ikkje hadde forskjellsbehandla søkaren i strid med lova. Søkaren har påklaga avgjerda til Likestillings- og diskrimineringsnemda.

I 2016 hadde Kartverket 6 personar på tiltak i samarbeid med NAV og Fontenehuset (godkjent som tiltaksarrangør av NAV). Dette er om lag på same nivå som i 2015. Vi opplever det som krevjande å imøtekome samfunnet sine forventingar til at vi skal tilby praksisplassar. Dels er det vanskeleg å behandle tiltaksarrangørane likt, dels opplever vi at det internt i Kartverket er blitt vanskelegare å ta imot tiltaksmedarbeidarar på grunn av tryggingaspektet og praktiske tilhøve.

ORGANISASJONS- ENDRINGAR

I 2016 har det vore jobba med å implementere rutinar og grensesnitt mellom sjødivisjonen, IT og tenestene som følgje av OU-prosessen i 2015. Dette må følgjast opp vidare i 2017.

Kartverket vedtok hausten 2016 at ein frå 01.01.2017 skulle slå saman matrikkel- og stadnamnavdelinga med tinglysingsdivisjonen. Dette blir no eigedomsdivisjonen i Kartverket. «Flat samanslåing» var ein av føresetnadene for samanslåinga frå 01.01.2017. Vidare vart det føresett gjennomført ein OU-prosess i 2017. Parallelt med opprettinga av eigedomsdivisjonen vart det også vedteke å etablere ein eigen seksjon for matrikkelføring internt i divisjonen.

Frå 01.10.2016 gjekk internasjonale tenester ut av landdivisjonen og vart flytta til tenestene. I tillegg til bistand skal eininga utvikle rolla som Kartverket sitt internasjonale kontor. Det vart samtidig starta ei utgreiing av korleis arbeidet med internasjonale saker i Kartverket, under dette bistand, best kan ivaretakast.

Med samanslåing av Nord- og Sør-Trøndelag vil det samtidig gjennomførast ei endring av organiseringa ved dei to kontora våre i desse fylka. Dette arbeidet vil starte opp i 2017.

TRYGGLEIK OG BEREDSKAP

Kartverket sitt risikonivå og tryggleikstilstand i 2016 har vore meir utfordra enn tidlegare år, men det har også samtidig vore stor aktivitet rundt forbedring av tryggleiksstyring og beredskap. I tillegg til ordinære aktivitetar innan tryggleik framhevast her vesentlege endringar eller nye moment:

- Det har vore fleire tryggingstruande hendingar og tryggleiksbrot enn tidlegare.
- Det eksterne trusselbiletet har endra seg, og trusselnivået aukar.
- Tryggleiksstyring i tråd med ISO 27001 er etablert.
- Ny tryggleikspolicy er etablert.

- Arbeidsgruppe om beredskap i Noreg digitalt er etablert.
- Beredskapsavtale med Forsvarets militærgeografiske teneste (FMGT) er under etablering.
- Sikringsrisikoanalyse for lokasjon Hønefoss er gjennomført.
- Ekstern uavhengig kartlegging/test av sårbarheiter av eksponert infrastruktur er gjennomført.
- Langsiktige tiltak i etterkant av NSM sitt tilsyn utviklast.
- Interne avvik, revisjonar og tryggleiksgjennomgangar viser framleis behov for å auke tryggleiksmedvit og risikoforståing i heile Kartverket i tillegg til ordinær tryggleiksoplæring.
- Tryggleik under reise har fått ekstra merksemd (opplæring, eige utstyr og prosedyrar)

Sjå meir om dette i eige vedlegg.



VURDERING AV FRAMTIDSUTSIKTER

I denne delen gjev vi ein overordna omtale av tilhøve i og utanfor Kartverket som kan påverke evna vår til å løyse samfunnsoppdraget på sikt. Vidare gjev vi ein nærmare omtale av utviklingstrekk i samfunnet og interne tilhøve som vi meiner vil kunne påverke evna til å nå resultat og mål på lengre sikt.

Som følge av den teknologiske utviklinga i samfunnet opplever vi at geografiske data etterspørjast og kan nyttiggjerast til stadig fleire formål, for effektivisering og verdiskaping. Dette stillar større krav til Kartverket: Vi må levere relevante data, sjå til at dei er tilgjengelege og enkle å ta i bruk til nye formål – også for aktørar utanfor den tradisjonelle geomatikkfaglege bransjen.

Om vi nasjonalt skal greie å utnytte dette potensialet må vi frå Kartverket si side evne å ta inn dei nye brukarbehova, analysere og tilretteleggje leveransane våre raskt. Tovegs dialog med nye og eksisterande brukarar, utdanningsmiljø, innovative teknologibedrifter og offentlege verksemder på veg inn i digitaliseringa blir viktig å prioritere ressursar på. Det er avgjerande at vi evnar å formidle kompetanse om dataa våre, kvar dei kan hentast og korleis dei kan nyttiggjerast, og samtidig som vi evnar å systematisk hente inn, prioritere og agere på tilbakemeldingar om korleis leveransane kan bli betre.

Gjennom å engasjere oss i hackathons, inkubatormiljøet Startuplab og deltaking i forskings- og innovasjonsprosjekt m.a. for auka utnytting av posisjonsteknologi, synleggjere demonstratorar og døme på bruk av våre data, kan vi spreie kunnskap om moglegheitene i geografiske data.

Det er avgjerande at vi greier å formidle innsikt om nye brukarbehov tilbake til organisasjonen, og greier å involvere fleire tilsette enn tidlegare på desse arenaane for å ta innover oss konsekvensane av den teknologiske utviklinga på eigne fagområde. Etablering av interne «veksthus» frå 2017 er eit viktig tiltak for å strukturere og effektivisere «vegen tilbake» til betre tilpassing av leveransane våre.

Eit konkret døme er den utflatinga vi ser på oppslag mot cache-tenestene (jf. volumtal i del II, og skildring i del III), som i kombinasjon med brukartilbakemeldingar tydar på at vi må ta stilling til alternative distribusjonsløyser.

På somme område, til dømes posisjonsteknologi, er det viktig å følgje utviklinga nøye og forstå kva tid og korleis dei neste teknologiske skifta vil kome. Overgang til globale tenester for presis stadfesting, samtidig som utstyr som tidlegare kun var tilgjengeleg for proffmarknaden utviklast for ein massemarknad gjennom tablets og mobil, krev at vi engasjerer oss i innovativ utvikling. Teknologien kan ikkje utnyttast nasjonalt utan tilpassing både i verdikjeda vår og tenesteleveranse.

På fleire sentrale område er det i løpet av 2016 gjennomført høyringar av framlegg til lovendringar og nye forskrifter. Endringsframlegget knytt til matrikkelen er svært sentralt. Det er også framlegget til forskriftsendring i kart- og planforskrifta mht. dokumentasjon av leidningar i grunnen, og det dels overlappende framlegget til breibandsutbyggingslov. Luftfartstilsynet sin ide om å utvide Nasjonalt register over luftfartshinder (NRL) med alle leidningar i luft, har kravd monaleg involvering frå Kartverket i 2016 og vil potensielt føre med seg ei utvida oppgåve for Kartverket i framtida. Kartverket kan vere aktuelt som sentralt informasjonspunkt (SIP) og operatør av leidningseigarregister (LER). Vi noterer oss at høyringa legg opp til noko som primært er eit leidningseigarregister, men med nokre eigenskapar lagt inn. Slik vi forstår det er dette planlagt behandla av Stortinget i vårsesjonen 2017.

Vi registrerer at det er ein debatt om korleis statlege verksemdar er organisert på landsbasis, og meir konkret korleis ein har delt inn landet i ulike geografiske regionar. Dette er delvis knytt til regionreformen. Det kan potensielt påverke strukturen vår med fylkeskartkontor. I ein intern rapport i 2016, har vi peika på fleire tilhøve som rettferdiggjør dagens struktur med lokal tilknytning for oppgåveløysing.

Kartverket har i 2016 utarbeidd ein samfunnsøkonomisk analyse av marine grunnkart for Noreg (MAGIN). Det har vore vanskeleg å kvantifisere effekten for mellom anna havbruk. Rapporten legg opp til å prioritere område med mykje trafikk, vekst og folk. Eit vesentleg moment knytt til MAGIN er den teknologiske utviklinga som etter kvart kan bidra til heilt andre metodar og prosessar rundt djupnekartlegging. Vi vil følge denne utviklinga tett framover.

Årets pilot med matrikkelføring i kommunane har gjeve verdifull erfaring for det vidare arbeidet, då særleg med jordskiftesaker. Kartverket vil vidareføre arbeidet i 2017 og har teke omsyn til dette i den nye organiseringa av eigedomsdivisjonen.

Som omtalt i del IV har vi i 2016 hatt eit utfordrande år når det gjeld fleire tilhøve knytt til tryggleik. Trugsmålnivået aukar, krava til Kartverket blir

strengare og krava våre til leverandørar blir følgjeleg strengare. Vi har forsterka innsatsen på tilsyn og kontroll, noko som viser seg å vere nødvendig. Det er også verdt å merke seg at tryggleiksbrot og/eller avvik kan ha mange konsekvensar av meir indirekte karakter, utover effekt på dei grunnleggjande tryggleiksmåla om konfidensialitet, integritet og tilgjengelegheit. Vi har døme på avvik som gjer at ein leverandør mistar klareringa si. Det gjer at denne leverandøren ikkje kan vere med å konkurrere om oppdrag for Kartverket. Ein økonomisk effekt av dette for Kartverket er mindre konkurranse i marknaden og høgare prisar. Det igjen fører til dårlegare måloppnåing knytt til det samfunnsoppdraget vi skal løyse. Sjå meir om desse trendane og utviklingstrekk i den vedlagde rapporten om tryggleikstilstanden.

Vi er elles veldig nøgde med at Finansdepartementet og Kommunal- og moderniseringsdepartementet ikkje går inn for å overføre forvaltninga av dokumentavgifta til Skatteetaten. Kartverket har tilrådd at forvaltninga av denne særavgifta skulle behaldast her hos oss. Det er hyggelig at argumentasjonen vår som i hovudsak fokuserer på brukarvenleik og effektiv ressursbruk, er blitt teken omsyn til. Det betyr at Kartverket beheld 11 årsverk som er knytt til forvaltninga av denne avgifta.

«IT is Business, Business is IT». Denne erkjenninga set ny dagsorden og premiss for utviklinga av verksemdar sine prosessar og samhandling. Dette er og blir relevant for Kartverket også. Samfunnet endrar seg stadig raskare og blir meir digitalt. Det blir i aukande grad forventa digitalt avgjerdsgrunnlag frå offentlege aktørar. Kartverket blir ein viktig aktør i produksjon, forvaltning, distribusjon og bruk av digitale data og løysingar.



Vi registrerer elles at det er ein prosess om mogleg overføring av ansvar for fiskerihamner frå staten (v/Kystverket) til kommunane. Dette kan bety ein del for Kartverket, som per i dag har eit svært tett samarbeid med Kystverket. Bakgrunnen er at eigarskapen til fiskerihamnene i dag ligg hos kommunane, men ansvaret for utbygging og vedlikehald ligg hos Kystverket. Regjeringa har uttalt at dei vurderer å overføre ansvaret for fiskerihamner frå staten til kommunane. Ei slik endring vil påverke Kystverket sine behov for våre tenester, og ho vil innverke på vår avtale med dei både i høve til omfang og innhald. Det vil også bety at vi må kommunisere direkte med kommunane i mykje større grad enn det vi gjer i dag. Vi forventar at det framleis vil vere eit behov for nymåling og oppdatering av navigasjonsprodukt der det blir utført arbeid i fiskerihamnene, men at dette i framtida blir forvalta av andre. Dette kan føre til at Kartverket vil måtte forhalde seg til mange/fleire aktørar i samband med planlegging og utføring av arbeidet, noko som gjer planlegging og utføring av oppdraga meir krevjande for Kartverket sin del.

Innanfor sjøkartlegging er vi godt utstyrte med tre nye målebåtar. Likevel er morfartøyet M/S Hydrograf 35 år gamal, og på noko lengre sikt må vi vurdere utskifting og/eller endring i konsept/driftsform. Vi ser også at drifta av båtane/fartøya våre har relativt store kostnader for Kartverket, og omfattande reparasjonar og liknande kan bli krevjande å finansiere. Dette må følgjast opp vidare i 2017.


Kartverket har over mange år hatt eit økonomisk samarbeid med andre etatar og verksemdar. Det dreiar seg om ulike typar «spleiselag» (samfinansiering), der ein går saman for å dele på kostnadene. Dette er i all hovudsak samfunnsøkonomisk gunstig, men vil også føre med seg ei viss uvisse i høve til finansiering. Svikt i samfinansieringa frå avtalen mellom Kystverket og Kartverket og svikt i samfinansieringa frå MA-REANO er døme på område der dette vil kunne slå ut på måltal knytt til sjøkartlegging.

På tinglysingsområdet er det hovudsakleg to tilhøve som kan påverke evna vår til å nå fastsette mål dei nærmaste 1–3 åra:

1. utviklinga i eigedomsmarknaden (ekstern)
2. brukarane si vilje til å ta i bruk elektronisk tinglysing (ekstern), samt vår evne til å setje e-tinglysing i drift på ein god måte (intern)

Utviklinga i eigedomsmarknaden er ein ekstern faktor som har direkte påverknad på om vi når dei oppsette måla våre. Det har vore ein auke i talet på rettsstiftingar dei siste åra, sjølv om vi ser ein liten reduksjon i 2016. Årsakene er samansette, men eit vedvarande lågt og avtakande rentenivå har vore ein viktig faktor. Økonomisk vekst og befolkningsvekst er to andre årsaker. Vi overvakar utviklinga nøye for å kunne setje inn tiltak til riktig tid, men er førebudde på at vi må takle årlege aukar i saksmengde tilsvarande det vi har sett det siste året.

Tal på rettsstiftingar fast eigedom og burett



Ein viktig suksessfaktor for innføringa av elektronisk tinglysing er at eksterne profesjonelle brukarar vel å ta fagsystemet i bruk. Ordninga er ikkje obligatorisk, og det er heller ikkje vurdert eller skissert økonomiske stimuleringstiltak for å få brukarane over på ordninga. Vi arbeider nær med brukargruppene for å motivere dei til å ta den nye løysinga i bruk.

ÅRSREKNESKAP

KOMMENTAR FRÅ LEIAREN

Føremål

Kartverket er underlagt Kommunal- og moderniseringsdepartementet og har ansvar for geografisk infrastruktur og offentlig eiedomsinformasjon. I tillegg er Kartverket tinglysingsstyresmakt for heile landet. Kartverket var fram til og med 2016 organisert som ei forvaltningsbedrift.

Kartverket avlegg rekneskap etter to finansielle rammeverk, kontantprinsippet og periodisert rekneskapsprinsipp. Rapportering til statsrekneskapen er gjort etter kontantprinsippet, slik det går fram av prinsippnota til årsrekneskapen, medan Kartverket si interne styring og rapportering var basert på god rekneskapsskikk slik det er dokumentert i «God rekneskapsskikk i Kartverket».

Frå 01.01.2017 vart Kartverket ei bruttobudsjettert verksemd, og 2016 er såleis siste året Kartverket rapporterar som ei forvaltningsbedrift.

Vurdering av vesentlege tilhøve

I 2016 hadde Kartverket ei samla løyving på ca. 1 mrd. kr, fordelt på nytt jordobservatorium i Ny-Ålesund (post 30), investeringar i større utstyrsinnkjøp og vedlikehald (post 45), drift tinglysing (post 01), drift resten av Kartverket (post 21) og belastningsfullmakter.

Med verknad frå 2016 vart løyvinga til drift av matrikkelen på 46,2 mill. kr overført frå post 21 til post 01.

Kartverket hadde ei driftsomsetjing på nærmare 1,35 mrd. kr i verksemdsrekneskapen og eit resultat på ca. 6,7 mill. kr. Av omsetjinga utgjorde formidlingsinntekter ca. 13 % og samfinansieringsinntekter ca. 20 %, medan anna omsetjing vart finansiert over statsbudsjettet. Kartverket krev også inn dokumentavgift og tinglysingsgebyr på vegne av staten, og totale inntekter på dette utgjorde i 2016 ca. 8,9 mrd. kr.

Lønskostnader utgjør med totalt 45 % av dei totale driftskostnadene den største delen av Kartverket sine kostnader.

Kartverket hadde i 2016 eit mindreforbruk på løyving på totalt kr 51,6 mill. kr, som søkast overført til 2017. Mindreforbruket på 01-posten (drift tinglysing) er på 14,9 mill. kr, og hovudårsakene til dette mindreforbruket er knytt til vakansar og lågare lønskostnader, noko lågare portokostnader og elektroniske signaturløysingar som er blitt billigare enn budsjettert. På 30-posten (jordobservatoriet i Ny-Ålesund) er det eit mindreforbruk på 36,7 mill. kr, som hovudsakleg kjem av forseinkingar i innkjøp av SLR og breibandsfeed. Det er også brukt mindre til VLBI-teleskop enn budsjettert.

Avvik mellom det faktiske driftsresultatet og resultatet rapportert etter kontantprinsippet er i all hovudsak knytt til at Kartverket blir styrt etter eit periodisert prinsipp og at det difor førekjem terminforskyvingar i kontante inn- og utbetalingar.

I kontantrekneskapen har Kartverket krav til eit nullresultat. Avvik mellom resultatkravet og det rekneskapsførte resultatet regulerast ved overføringar til eller frå reguleringsfondet. Kartverket hadde i 2016 eit negativt kontantresultat på 56,5 mill. kr, og dette vart dekt inn frå reguleringsfondet. Per 31.12.2016 utgjorde mellomverande med statskassa totalt 252,2 mill. kr, av dette utgjorde reguleringsfondet 228,3 mill. kr. Oppstillinga av artskontorrapporteringa viser kva slags andre postar mellomverande består av.

I samband med Kartverket si endring av tilknytingsform frå 01.01.2017 vil reguleringsfondet bli oppløyst og gjort om til øyremerkte balansepostar og vil framleis inngå som ein del av mellomverande med staten.

Unntakssøknad

Kartverket sin interne rekneskap er basert på eit periodisert rekneskapsprinsipp. Kartverket har for 2016 fått unntak frå å nytte dei statlege rekneskapsstandardane (SRS) som grunnlag for sin periodiserte verksemdsrekneskap, men vil frå 2017 avleggje ein verksemdsrekneskap etter SRS.

Stadfesting

Årsrekneskapen for Kartverket er avlagt i høve til reglement og vilkår om økonomistyring i staten, rundskriv frå Finansdepartementet, samt departementet og Kartverket sin verksemds- og økonomiinstruks.

Eg meiner at rekneskapen gjev eit dekkande bilete av Kartverket sine disponible løyvingar, rekneskapsførte utgifter, inntekter, egedelar og gjeld.

Tilleggsopplysningar

Riksrevisjonen er ekstern revisor og stadfestar rekneskapen for Kartverket. Årsrekneskapen er ikkje ferdig revidert per dags dato, men revisjonsmeldinga er rekna med å føreliggje innan 01.05.2017. Kartverket hadde ingen merknader frå Riksrevisjonen på rekneskapen 2015.

Hønefoss 15.03.2017



KNUT ARNE GJERTSEN
FUNGERANDE KARTVERKSSJEF

PRINSIPPNOTE TIL KONTANT-REKNESKAPEN – OPPSTILLING AV LØYVINGSRAPPORTERING OG ARTSKONTORRAPPORTERING

Årsrekneskapen er utarbeidd og laga etter nærare retningslinjer fastsett i regelverk om økonomistyringi staten («regelverket»). Årsrekneskapen er i medhald av krav i regelverket punkt 3.4.1, nærare reglar i Finansdepartementets rundskriv R-115 av november 2016 og eventuelle tilleggskrav fastsett av overordna departement.

Oppstillinga av løyvingsrapporteringa og artskontorrapporteringa er utarbeidd med utgangspunkt i regelverket punkt 3.4.2 – dei grunnleggjande prinsippa for årsrekneskapen:

- a)** Reknekapen følger kalenderåret
- b)** Rekneskapen inneheld alle rapporterte utgifter og inntekter for rekneskapsåret
- c)** Utgifter og inntekter er ført i rekneskapen med brutto beløp
- d)** Rekneskapen er utarbeidd i tråd med kontantprinsippet

Oppstillingane av løyvings- og artskontorrapportering er utarbeidd etter dei same prinsippa, men gruppert etter ulike kontoplanar. Prinsippa samsvarer med krav i regelverket punkt 3.5 til korleis verksemdene skal rapportere til statsrekneskapen. Sumlinja «Netto rapportert til løyvingsrekneskapen» er lik i begge oppstillingane.

Kartverket er tilknytta statens konsernkontoordning i Norges Bank i medhald av krav i regelverket pkt. 3.7.1. Bruttobudsjetterte verksemdar blir ikkje tilført likviditet gjennom året, men har ein trekkrett på konsernkontoen sin. Ved årets slutt

blir saldoen nullstilt på den einskilde oppgjerskontoen ved overgang til nytt år.

Ettersom Kartverket utarbeider periodisert verksemdsrekneskap med tilhøyrande noter, blir det ikkje utarbeidd noter til kontantrekneskapen.

Løyvingsrapporteringa

Oppstillinga av løyvingsrapporteringa omfattar ein øvre del med løyvingsrapporteringa og ein nedre del som viser behaldningar Kartverket står oppført med i kapitalrekneskapen. Løyvingsrapporteringa viser rekneskapstal som Kartverket har rapportert til statsrekneskapen. Det blir stilt opp etter dei kapitla og postar i løyvingsrekneskapen som Kartverket har fullmakt til å disponere. Kolonnen samla tildeling viser kva Kartverket har fått stilt til disposisjon i tildelingsbrev for kvar statskonto (kapittel/post). Oppstillinga viser i tillegg alle finansielle egedelar og pliktar som Kartverket står oppført med i statens kapitalrekneskap. Note A spesifiserer årets tildelingar og overføringar frå i fjor for kvar kapittel/post. Note B gir forklaring på brukte fullmakter og utrekning av mogleg overførbare beløp til 2017.

Artskontorrapporteringa

Oppstillinga av artskontorrapporteringa har ein øvre del som viser kva som er rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemdar og ein nedre del som viser egedelar og gjeld som inngår i mellomverande med statskassa. Artskontorrapporteringa viser rekneskapstal Kartverket har rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemdar. Kartverket har ein trekkrett på konsernkonto i Norges Bank. Tildelingane er ikkje inntektsført og difor ikkje vist som inntekt i oppstillinga.

OPPSTILLING AV LØYVINGSRAPPORTERING, 31.12.2016

Tal i 1 000 kr

Utgifts- kapittel	Kapittelnamn	Post	Posttekst	Note	Samla tildeling	Rekneskap 2016	Meirutgift (-) og min- dreutgift
595	Statens kartverk, arbeid med tinglysing og nasjonal geo- grafisk infrastruktur	01	Driftsutgifter		325 842	306 532	19 310
595	Statens kartverk, arbeid med tinglysing og nasjonal geo- grafisk infrastruktur	21	Spesielle driftsut- gifter		520 012	520 055	-43
595	Statens kartverk, arbeid med tinglysing og nasjonal geo- grafisk infrastruktur	30	Geodesiobservato- riet i Ny-Ålesund		86 612	49 876	36 736
1424*	Mareano	21	Spesielle drifts- utgifter		34 015	23 704	10 311
2465	Statens kartverk	45	Større utstyrsan- skaffelser og vedlikehold		29 003	33 418	-4 415
471	Statens erstatningsansvar	71	Erstatninger m.m.			33	
500	Kommunal- og moderni- seringsdept.	21	Spesielle drifts- utgifter		2 200	2 200	
872	Barne- og likestillings- departementet	21	Spesielle drifts- utgifter		1 310	1 310	
1410	Miljøforskning og miljø- overvaking	21	Spesielle drifts- utgifter		3 000	3 000	
1633	Nettoordning, statlig betalt merverdiavgift	01	Driftsutgifter			750	
2465	Statens kartverk	24-01	Driftsinntekter		-1 217 876	-1 281 967	
2465	Statens kartverk	24-02	Driftsutgifter		1 198 747	1 315 970	
2465	Statens kartverk	24-03	Avskrivinga		19 155	21 915	
2465	Statens kartverk	24-04	Renter		-26	650	
2465	Statens kartverk	24-05	Avsetjing til investerings- føremål		-	-	
2465	Statens kartverk	24-06	Reguleringsfond		-	-56 568	
		24	Sum post 24 Driftsresultat		-	-	-
Sum utgiftsført					1 001 994	940 878	

* Vi har valt å vise belastningsfullmakta knytt til Mareano då dette er ei årleg fullmakt der det også er høve til overføringar for Kartverket.

PRINSIPPNOTE TIL VERKSEMDREKNESKAPEN

Resultat- og balanseoppstilling som presenterast er basert på Kartverket sin interne verksemdsrekneskap. Rekneskapen følgjer kalenderåret.

Driftsinntekter

Basisproduksjonen finansierast av statsoppdraget, belastningsfullmakter og samfinansiering med andre offentlege og private verksemdar. Denne delen av verksemda skal korkje gå med over- eller underskot. Resultatet til Kartverket kjem frå formidlingsverksemda. Varer i arbeid brukast berre for formidlingsverksemda. Som avrekningsmetode brukast fullført kontrakt med unntak av større prosjekt der det brukast løpande avrekning med fortjeneste.

Kartverket krev inn dokumentavgift og tinglysingsgebyr på vegner av staten. Dette inngår ikkje i driftsresultatet til Kartverket.

Kundefordringar

Kartverket har ikkje kostnadsført tap på kundefordringar i 2016. Det er heller ikkje avsett for tap.

Varige driftsmiddel

Kartverket har investeringar som både er finansierte over statsbudsjettet og eigenfinansierte. Investeringar finansierte over statsbudsjettet reknast som lån frå departementet. Lånebeløpet er oppført som staten sin renteberande kapital (langsiktig gjeld) i balansen. Avskrivningar reduserer balanseført verdi av lånet. Varige driftsmiddel aktiverast og avskrivast om utrekna levetid er over 4 år og kostprisen kjem over 200 000 kroner. I den interne verksemdsrekneskapen startar vi avskrivningar månaden etter sluttmelding av investeringsprosjektet. I kontantrekneskapen startar avskrivningar året etter sluttmelding. Det betyr at Kartverket har to anleggsregister med ulik verdi. Verdien av anleggskapitalen i kontantrekneskapen (kapitalrekneskapen) svarar til verdien på staten sin renteberande kapital.

Periodisering

Beløpsgrensa for periodiseringar er 50 000 kr.

Øvrige tilhøve

Pengepostar er oppførte i dagens valuta. Ved endeleg betaling takast vinst/tap.

Kartverket har ikkje noko ordinært styre.

Kartverket betaler ikkje honorar til revisor, då Riksrevisjonen gjer revisjonen.

Inntekts- kapittel	Kapittelnamn	Post	Posttekst	Note	Samla tildeling	Rekneskap 2016	Meirinntekt (-) og min- dreinntekt
3595	Statens kartverk, arbeid med tinglysing og nasjonal geografisk infrastruktur	01	Gebyrinntekter tinglysing		436 000	437 453	1 453
5465	Sal av anleggsmiddel	49	Sal av anleggsmiddel			140	140
5491	Avskrivingar på staten sin kapital i staten si forretningsdrift	30	Avskrivingar			21 915	21 915
5565	Dokumentavgift	70	Dokumentavgift			8 491 198	8 491 198
5603	Renter av staten sin kapital i staten si forretningsdrift	80	Renter at staten sin faste kapital			2 252	2 252
5603	Renter av staten sin kapital i staten si forretningsdrift	81	Renter av mellomverande			-1 602	-1 602
5700	Inntektene til folketrygda	72	Arbeidsgjevaravgift			72 712	
Sum inntektsført					436 000	9 024 068	
Netto rapportert til løyvingerekneskapen						- 8 083 191	
Kapitalkontoar						Rekneskap 2016	
60085401	Noregs Bank KK/innbetalingar						9 344 509
60085402	Noregs Bank KK/utbetalingar						-1 313 447
724080	Endring i mellomverande med statskassa						52 129
Sum rapportert							0
Konto	Tekst				2015	2016	Endring
	Aksjar				14	14	0
724080	Mellomverande med statskassa				-252 244	-304 373	52 129
Note A Forklaring på samla tildeling							
Kapittel og post		Overført frå i fjor		Årets tildelingar		Samla tildeling	
595.01*		13 155		312 687*		325 842	
595.21		30 661		489 351		520 012	
595.30		26 612		60 000		86 612	
1424.21**		1 083		32 932		34 015	
2465.24		0		0		0	
2465.45		2 609		26 394		29 003	
* Løyvinga er fråtrekt 2 mill kroner som blir disponert av Kommunal- og moderniseringsdepartementet.							
** Vi har valt å vise belastningsfullmakta knytt til Mareano då dette er ei årleg fullmakt der det også er høve til overføringar for Kartverket.							
Note B Forklaring til brukte fullmakter og utrekning av mogleg overførbart beløp til neste år							
Kapittel og post	Meirutgift (-)/ mindre utgift	Utgiftsført av andre iht. avgjevne belastningsfullmakter		Meirutgift (-) mindre- utgift etter avgjevne belastningsfullmakter	Meirinntekt/mindreinn- tekt (-) iht. meirinntekts- fullmakt		
595.01	19 310				19 310		
595.21	-43				-43		
595.30	36 736				36 736		
2465.45	-4 415				-4 415		
1424/21	10 311				10 311		

KARTVERKET • ÅRSRAPPORT 2016 DEL VI ÅRSREKNESKAP					
Tal i 1 000 kr					
Forts. kapittel og post	Omdisponering frå 01 til 45 eller til post 01/21 frå neste års løyving	Innsparingar (-)	Sum grunnlag for overføring	Maks. over- førbart beløp*	Mogleg overfør- bart beløp rekna ut av verksemda
595.01	-4 458		14 852	15 634	14 852
595.21	43		-	520 012	-
595.30			36 736	86 612	36 736
2465.45	4 415		-	29 003	-
1424/21			10 311	10 311	10 311

Mottatte belastningsfullmakter

Kartverket har mottatt følgjande belastningsfullmakter og brukt heile belastningsfullmakta:

Kapittel/ post		Samla tildeling
500.21	Kommunal- og moderni- seringsdepartementet	2 200
872.21	Barne- og likestillings- departementet	1 310
1410.21	Miljøforskning og miljøovervaking	3 000

Tildeling kapittel 872

Kartverket har fått tildelt midlar til universell utforming på kapittel 872 post 71. Det går fram av tildelingsbrevet at desse midlane også kan nyttast under kapittel 872 post 21 dersom utgiftene blir brukt til tiltak i statlege verksemdar. Kartverket har difor rapportert desse midlane på post 21.

Tildeling kapittel 1424 Mareano

Kartverket har utover dei nemnde belastningsfullmaktene fått ei tildeling på kapittel/post 1424.21 Mareano. Midlane er gitt for gjennomføring av aktivitetar i MAREANO-programmet i tråd med aktivitetsplanen til programmet for 2016. Dette er ei årleg belastningsfullmakt for Kartverket som gir høve for overføring til neste år.

Stikkordet «kan overføres»

Kartverkets løyving på kapittel/post 595.30 er gitt med stikkordet «kan overføres». Beløpet stammar frå tildelinger gitt innafor dei to siste budsjettåra og Kartverket lar beløpet inngå som ein del av mogleg overførbart beløp.

Gitte belastningsfullmakter

Kartverket har ikkje gitt nokon belastningsfullmakter i 2016.

Tildeling kapittel 595 og 2465

Kartverket har ei fullmakt til å omdisponere inntil 15 mill.kr. mellom kap./postane 595/01 og 595/21 og kap./post 2465/45. Fullmakta er brukt med ei overføring frå kap. 595/01 til 595/21 med 43’ og til kap./post 2465/45 med 4 415’ i 2016.

Mogleg overførbart beløp

Kartverkets ubrukte løyving på kapittel/post 595.01 er på kr 14 852 etter omdisponering til post 21 og 45. Då dette beløpet er under grensa på 5 % blir heile beløpet rekna som mogleg overføring til neste budsjettår. Heile beløpet som står på kapittel/post 595.30, kan overførast, då stikkordet «kan overføres» er knytt til kapittel/posten. Beløpet inngår i utrekninga av mogleg overførbart beløp til neste år. Mogleg overføring til neste år er ei utrekning, og Kartverket får tilbakemelding frå overordna departement om endeleg beløp som kan overførast til neste år. Departementet vurderer mellom anna om andre verksemdar eller departementet sjølv disponerer midlar på dei same kombinasjonane av kap/post som Kartverket. Maks overførbart beløp er avgrensa til 5 % av løyvinga for heile posten, jf. løyvingsreglementet og det årlege rundskrivet om overførbare løyvingar (R-2). Utrekningane over viser verksemdas del av løyving på kvar einskild kombinasjon av kap/post.

Tal i 1 000 kr

OPPSTILLING AV ARTSKONTORAPPORTERINGA 31.12.2016

Driftsinntekter rapportert til løyvingrekneskapen	2015	2016
Innbetalinger frå gebyr	-	-
Innbetalinger frå tilskot og overføringar	-	
Sals- og leigeinnbetalinger	-375 233	-371 117
Andre innbetalinger	-17	-140
Sum innbetalinger frå drift	-375 250	-371 257
Driftsutgifter rapportert til løyvingrekneskapen		
Utbetalinger til løn	566 670	595 257
Utgifter til avskrivningar	14 038	21 915
Andre utbetalinger til drift	575 097	695 083
Sum utbetalinger til drift	1 155 806	1 312 256
Netto rapporterte driftsutgifter	780 555	940 998
Investerings- og finansinntekter rapporterte til løyvingrekneskapen		
Innbetaling av finansinntekter	-5 065	-3 351
Sum investerings- og finansinntekter	-5065	-3351
Investerings- og finansutgifter rapportert til løyvingrekneskapen		
Utbetaling til investeringar	23 091	54 009
Utbetaling til kjøp av aksjar	-	-
Utbetaling av finansutgifter	4 617	4 933
Sum investerings- og finansutgifter	27 708	58 942
Netto rapporterte investerings- og finansutgifter	22 643	55 591
Disponeringar		
Avsetjing til investeringsføremål (ref. post 24 underpost 05)		
Til/frå reguleringsfond (ref. post 24 underpost 05)	21 050	-56 568
Sum disponeringar	21 050	-56 568
Innkrevjingsverksemd og andre overføringar til staten		
Innbetaling av skattar, avgifter, gebyr m.m.	-8 867 356	-8 928 684
Sum innkrevjingsverksemd og andre overføringar til staten	-8 867 356	-8 928 684
Tilskotsforvaltning og andre overføringar frå staten		
Utbetalinger av tilskot og stønader	-	-
Sum tilskotsforvaltning og andre overføringar frå staten	-	-

Tal i 1 000 kr

KARTVERKET • ÅRSRAPPORT 2016
DEL VI ÅRSREKNESKAP

Inntekter og utgifter rapportert på felleskapittel

Gruppelivsforsikring konto 1985 (ref. kap. 5309, inntekt)	-	
Arbeidsgjevaravgift konto 1986 (ref. kap. 5700, inntekt)	-67 915	-72 712
Nettoføringsordning for meirverdiavgift konto 1987 (ref. kap. 1633, utgift)	-	750
Avsetjing til investeringsføremål	-	-
Avskrivningar (ref. statskonto 5491.30, inntekt)	-14 038	-21 915
Renter av staten sin faste kapital (ref. statskonto 5603.80, inntekt)	-2 235	-2 252
Renter av mellomverande med statskassa (ref. statskonto 5603.81, inntekt)	2 633	1 602
Netto rapporterte utgifter på felleskapittel	-81 555	-94 527
Netto rapportert til løyvingrekneskapen	-8 124 664	-8 083 190

Oversikt over mellomverande med statskassa

Eigedelar og gjeld	2015	2016
Fordringar	3 172	468
Kasse	0	0
Bankkontoar med statlege midlar utanfor Noregs Bankkontoer	-65	-
Reguleringsfond	-284 903	-228 335
Verksemdskapital	115 003	126 506
Staten sin renteberande kapital	-112 345	-123 848
Skyldig skattetrekk	-18 277	-20 454
Skyldige offentlege avgifter	-4 474	-4 179
Anna gjeld	-2 485	-2 402
Sum mellomverande med statskassa	-304 373	-252 244

RESULTATREKNESKAP

Tal i 1 000 kr

Driftsinntekter	Note	2015	2016
Inntekt frå løyvingar - statsoppdrag post 01	1	258 086	306 532
Inntekt frå løyvingar - statsoppdrag post 21	1	462 750	520 055
Inntekt frå løyvingar - statsoppdrag post 30	1	47 360	49 876
Inntekt fra belastningsfullmakt	1	32 844	30 247
Andre inntekter - samfinansiering	1	250 536	269 887
Salsinntekter - formidling	1	135 412	171 362
Andre driftsinntekter	1	13	1 744
Sum driftsinntekter		1 187 001	1 349 703
Driftskostnader			
Lønskostnader	2	566 182	597 392
Andre driftskostnader	5	220 026	301 813
Avskrivinga	3, 4	17 747	26 287
Kjøp av tenester		46 894	69 892
Varekostnader knytt til tenesteproduksjon	17	326 551	345 925
Sum driftskostnader		1 177 400	1 341 309
Driftsresultat		9 601	8 394
Finansinntekter og finanskostnader			
Finansinntekter	6	5 352	3 176
Finanskostnader	6	4 638	4 888
Sum finansinntekter og finanskostnader		714	-1 712
Resultat av perioden sine aktivitetar		10 315	6 683
Avrekningar og disponeringar			
Til/frå reguleringsfond	9		-56 568
Disponering anna resultat forvaltningsbedrift	9		63 251
Avrekning med statskassa (bruttobudsjetterte)	7	-304 373	
Sum avrekningar og disponeringar		-304 373	6 683
Innkrevjingsverksemd og andre overføringar til staten			
Avgifter og gebyr direkte til statskassa	8	8 945 458	8 928 684
Avrekning med statskassa innkrevjingsverksemd	8	8 867 356	8 928 684
Sum innkrevjingsverksemd og andre overføringar til staten		78 102	0
Tilskotsforvaltning og andre overføringar frå staten			
Utbetalinger av tilskot til andre		0	0
Avrekning med statskassa tilskotsforvaltning		0	0
Sum tilskotsforvaltning og andre overføringar frå staten		0	0

BALANSE

EIGEDELAR

A. Anleggsmiddel

I Immaterielle egedelar	Note	2015	2016
Programvare og liknande rettar	3	28 070	28 366
Sum immaterielle egedelar		28 070	28 366
II Varige driftsmiddel			
Tomter, bygningar og annan fast eigedom	4	8 477	8 031
Maskiner og transportmiddel	4	26 935	21 699
Driftslausøyre, inventar, verktøy og liknande	4	49 575	59 574
Anlegg under utføring	4	18 722	33 790
Sum varige driftsmiddel		103 709	123 094
III Finansielle anleggsmiddel			
Investeringar i aksjar og lutar	10	14	14
Sum finansielle anleggsmiddel		14	14
Sum anleggsmiddel		131 793	151 474

B. Omløpsmiddel

I Behaldningar av varer og driftsmateriell	Note	2015	2016
Behaldningar av varer og driftsmateriell	11	3 343	956
Sum behaldning av varer og driftsmateriell		3 343	956
II Fordringar			
Kundefordringar	12	230 156	234 413
Andre fordringar	14	17 223	12 491
Opptente, ikkje fakturerte inntekter	13	18 712	31 473
Sum fordringar		266 091	278 377
III Bankinnskot, kontantar og liknande			
Bankinnskot	15	10 696	2 825
Kontantar og liknande	15	0	0
Sum bankinnskot, kontantar og liknande		10 696	2 825
Sum omløpsmiddel		280 129	282 158
Sum egedelar		411 921	433 632

Tal i 1 000 kr

BALANSE

STATEN SIN KAPITAL OG GJELD

C. Staten sin kapital

I Verksemdskapital	Note	2015	2016
Opptent verksemdskapital	7	-132 469	-69 095
Reguleringsfond	7	284 903	228 335
Sum verksemdskapital		152 434	159 240
II Avrekningar			
Avrekna med statskassa (bruttobudsjetterte)	7	-304 373	-252 244
Sum avrekningar		-304 373	-252 244
III Staten si finansiering av immatrielle egedelar og varige driftsmiddel			
Staten si finansiering av immatrielle egedelar og varige driftsmiddel	7	0	0
Sum staten si finansiering av immatrielle egedelar og varige driftsmiddel		0	0
IIII Staten sin renteberande kapital			
Staten sin renteberande kapital	7	112 345	123 848
Sum staten sin kapital		112 345	123 848
Sum staten sin kapital		-39 594	30 843

D. Gjeld

I Avsetning for langsiktige plikter	2015	2016
Avsetningar langsiktige plikter	0	0
Sum avsetning for langsiktige plikter	0	0
II Anna langsiktig gjeld		
Anna langsiktig gjeld	0	0
Sum anna langsiktig gjeld	0	0
III Kortsiktig gjeld		
Leverandørgjeld	7	54 982
Skyldig skattetrekk	7	18 358
Skyldige offentlege avgifter	7	6 751
Avsette feriepengar	7	45 884
Motteke forskotsbetaling	13	228 662
Anna kortsiktig gjeld	16	96 879
Sum kortsiktig gjeld	451 516	402 788
Sum gjeld	451 516	402 788
Sum staten sin kapital og gjeld	411 921	433 632

NOTE 1

DRIFTSINNTEKTER

Inntekt frå løyving – statsoppdrag 01 post

Posten dekkjer løn, pensjon, drift av tinglysings-systemet Regina og andre driftskostnader knytt til tinglysingssystemet i burett og fast eigedom.

Inntekt frå løyving – statsoppdrag 21 post

Posten dekkjer løn, pensjon og andre driftsutgifter knytt til etablering og drift av den nasjonale infrastrukturen for geografisk informasjon, mellom anna sjøkartlegging, flyfotografering, føring av mat-rikkelog sikring av geodetisk grunnlag for Noreg.

Inntekt frå løyving – statsoppdrag 30 post

Posten dekkjer utbygging av det geodetiske ob-servatoriet til Kartverket i Ny-Ålesund på Svalbard

Inntekt frå belastningsfullmakt

Kartverket vart i 2016 tildelt 34 mill. kr inkl. overføringar frå 2015 til gjennomføring av MAREANO-programmet frå Klima- og miljøde-partementet sitt kapittel 1409, post 21 Spesielle driftsutgifter. Belastningsfullmakter frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet på 2,2 mill. kr i 2016 skal dekkje tiltak innan kommunale digitale planregister.

	Tildelt beløp	Rekne-skap
047171 Erstatningsansvar med meir frå JD	-	33
50021 Belastningsfull-makter frå KMD	2 200	2 200
87221 Universell utforming	1 310	1 310
141021 Nasjonal høyde-modell	3 000	3 000
140921 Mareano-programmet	34 015	23 704
Sum belastningsfullmakt	40 525	30 247

Salsinntekter – formidling

Hovudtyngda av formidlingsinntekter i 2016 er knytt til ENC området og utgjer ca. 102,4 mill. kr. Nasjonal referanseramme som består hovudsakleg av CPOS og DPOS tenester frå Kartverket utgjer 27,6 mill. kr.

Kartdata blir i det vesentlege selde i form av elektroniske kart (ENC) til kommersiell skipsfart.

KARTVERKET • ÅRSRAPPORT 2016

DEL VI ÅRSREKNESKAP

Tal i 1 000 kr

Kartverket er operatør for Primar RENC, eit globalt samarbeid for distribusjon av ENC frå dei fleste land i verda som utferdar sjøkart til naviga-sjonsføremål. Bruk av elektroniske sjøkart har auka gjennom 2016 og vil halde fram å auke i åra framover. Dette har sambheng med at den inter-nasjonale sjøfartsorganisasjonen har fatta vedtak om trinnvis implementeringskrav for ENC produkt.

Andre inntekter – samfinansiering

Samfinansiering er middel som Kartverket får frå samarbeidspartnarane sine i oppdrag/prosjekt, som er meint å framskynde og/eller utvide basis-produksjonen i høve til statsfinansieringa. Samarbeidspartnarar er både kommunar, fylkes-kommunar og private og statlege aktørar.

Samfinansieringsinntekter står for 20 % av Kartverket sine inntekter i 2016 og knyter seg i hovudsak til Geovekst, Primar, CPOS, Mareano og nasjonal høgdemodell.

NOTE 2

LØNSKOSTNADER

	2015	2016
Løn	400 874	414 814
Feriepengar	46 917	49 328
Arbeidsgjevaravgift	66 762	70 859
Pensjonskostnader og andre refusjonar (-)	57 689	68 575
Sjukepengar og andre refusjonar (-)	-15 360	-16 572
Andre ytingar	9 301	10 387
Sum løn og sosiale kostnader	566 182	597 392
Talet på årsverk	814	837

Pensjonar blir kostnadsførte i resultatrekneska-pen basert på faktisk påløpt premie for rekne-skapsåret. Premiesats for 2016 er 16,5 %. Premiesatsen for 2015 var 13,45 %.

Lønssdelen i Kartverket for 2016 er på 44,5 %. For 2015 utgjorde lønssdelen 48,1 %

Løn og godtgjeringar til kartverksjefen utgjorde 1 393 000 kroner i 2016.

Tal i 1 000 kr

NOTE 3
IMMATRIELLE EIGEDLAR

	Lisenser (bl.a. pro- gramvare)
Innkjøpsverdi per 01.01.2016	32 758
Tilgang i 2016	3 402
Avgang innkjøpskost i 2016	-
Innkjøpskost 31.12.2016	36 160
Akkumulerte nedskrivingar 01.01.2016	-
Nedskrivingar i 2016	-
Akkumulerte avskrivingar per 01.01.2016	4 688
Ordinære avskrivingar i 2016	3 107
Akkumulerte avskrivingar avgang 2016	-
Akkumulerte avskrivingar per 31.12	7 794
Bokført verdi per 31.12	28 366
Avskrivningssatser (levetid)	4 år lineært



Foto: Bjørn-Owe Holmberg

KARTVERKET SITT NYE JORDOBSERVATORIUM BYGGAS PÅ
BRANDALLAGUNA VED NY-ÅLESUND PÅ SVALBARD.

Tal i 1 000 kr

NOTE 4
VARIGE DRIFTSMIDDEL

	Bygningar	Bygningar egen- finansiert	Bygnings- messig anlegg	Anlegg under utføring	Anlegg under utførelse egen- finansiert	Maskiner og anlegg	Skip, riggar og fly	Bilar	Biler egen- finansiert	Fast byggnings- inventar	Data- maskiner	Andre drifts- middel	Andre driftsmiddel egen- finansiert	Sum
Innkjøpsverdi per 01.01.2016	2 887	1 947	10 131	5 904	12 818	12 233	26 976	2 962	721	1 075	54 564	16 663	24 243	173 124
Tilgang i 2016			961	17 951	21 003			296		1 303		1 051		42 565
Avgang innkjøpskost i 2016								-323						-323
Frå anlegg under utføring til anna gruppe i 2016					-6 000								6 000	-
Frå anlegg under utføring til anna gruppe i 2016				-17 885							17 885			-
Innkjøpskost 31.12.2016	2 887	1 947	11 091	5 969	27 820	12 233	26 976	2 935	721	2 378	72 450	17 714	30 243	215 365
Akkumulerte nedskrivingar 01.01.2016														
Nedskrivingar i 2016						2 057								2 057
Akkumulerte avskrivingar per 01.01.2016	2 647	325	3 516			5 508	8 881	1 516	53	629	30 631	5 594	10 116	69 414
Ordinære avskrivingar i 2016	60	130	1 217			550	2 322	513	90	106	8 994	2 016	5 125	21 123
Ekstraordinære avskrivningar avgang 2016								121						121
Akkumulerte avskrivingar avgang 2016								202						202
Akkumulerte avskrivingar per 31.12.2016	2 707	454	4 733	-	-	8 114	11 203	1 706	143	734	39 625	7 610	15 242	92 271
Bokført verdi per 31.12.2016	180	1 493	6 358	5 969	27 820	4 119	15 773	1 229	578	1 644	32 825	10 104	15 001	123 094
Avskrivningssatsar (levetid)	20 år lineært	20 år lineært	10 år lineært	Inga avskrivning	Inga avskrivning	4 år lineært	10–20 år lineært	8 år lineært	8 år lineært	10 år lineært	4 år lineært	5 år lineært	5 år lineært	
Avhending av varige driftsmiddel i 2016:														
Vederlag ved avhending av anleggsmiddel								140						
- Bokført verdi avhenda anleggsmiddel								-121						
= Rekneskapsmessig vinst/tap								19						

NOTE 5
ANDRE DRIFTSKOSTNADER

	2015	2016
Frakt og transport som gjeld sal	331	79
Energi, brense og vatn som gjeld produksjon	2 842	2 325
Kostnader loka	61 900	63 173
Kostnader maskiner og inventar	26 849	31 460
Verktøy, inventar og driftsmateriale	22 119	63 685
Reparasjon og vedlikehald	4 095	4 377
Kontorrekvisita, bøker, møte og kurs	12 959	17 685
Telefon, porto o.l.	24 289	23 986
Kostnad transportmiddel	1 785	1 363
Kostnad og godtgjering for reise, diett, bil o.l.	24 863	25 631
Sal, reklame og representasjon	2 219	2 089
Kontingent og gåve	1 351	1 486
Forsikringspremie, garanti og service	3	0
Lisensar og patent	39 956	65 567
Diverse refusjonar	-6 524	-1 445
Forbruk av varer	956	0
Tap o.l.	32	351
Sum andre driftskostnader	220 026	301 813

NOTE 6
FINANSINNTEKTER OG FINANSKOSTNADER

	2015	2016
Finansinntekter		
Renteinntekter	2 633	1 602
Agiovinst	2 715	1 575
Anna finansinntekt	4	-
Sum finansinntekter	5 352	3 176
Finanskostnader		
Rentekostnad	2 313	2 304
Nedskriving av aksjar		-
Agiotap	1 767	2 377
Annan finanskostnad	558	206
Sum finanskostnader	4 638	4 888

NOTE 7
SAMANHENG MELLOM AVREKNA MED STATSKASSA OG MELLOMVERANDE MED STATSKASSA
(BRUTTOBUDSJETTERTE VERKSEMDER)

A) Avrekna med statskassa

Immaterielle eigedelar, varige driftsmiddel og finansiering av desse	2015	2016	Endring
Immatrielle eigedelar	28 070	28 366	296
Varige driftsmiddel	103 709	123 094	19 385
Staten si finansiering av immatrielle eigedelar og varige driftsmiddel	0	0	0
Sum	131 779	151 460	19 680
Finansielle anleggsmiddel			
Investeringar i aksjar og lutar	14	14	0
Obligasjonar	0	0	0
Andre fordringar	0	0	0
Sum	14	14	0
Omløpsmiddel			
Behaldningar av varer og driftsmateriell	3 343	956	-2 387
Kundefordringar	230 156	234 413	4 257
Opptente, ikkje fakturerte inntekter	18 712	31 473	12 761
Andre fordringar	17 223	12 491	-4 731
Bankinnskot, kontantar og liknande	10 696	2 825	-7 870
Sum	280 129	282 158	2 029
Verksemdskapital			
Verksemdskapital	-152 434	-159 240	-6 806
Sum	-152 434	-159 240	-6 806
Langsiktige forpliktingar og gjeld			
Staten sin renteberande kapital	-112 345	-123 848	-11 503
Anna langsiktig gjeld	0	0	0
Sum	-112 345	-123 848	-11 503
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld	-54 982	-20 199	34 783
Skyldig skattetrekk	-18 358	-20 520	-2 162
Skyldige offentlege avgifter	-6 751	-5 475	1 276
Avsette feriepengar	-45 884	-48 050	-2 166
Motteke forskotsbetaling	-228 662	-186 930	41 732
Anna kortsiktig gjeld	-96 879	-121 614	-24 735
Sum	-451 516	-402 788	48 728
Avrekna med statskassa	-304 373	-252 244	52 128

Finansieringa av immaterielle eigedelar og varige driftsmiddel framgår som hovudregel av rekne-skapslinja Staten si finansiering av immaterielle eigedelar og varige driftsmiddel.

Finansieringa av nettosummen av omløpsmiddel og kortsiktig gjeld framgår som hovudregel av rekne-skapslinja «Avrekna med statskassa».

NOTE 7
SAMANHENG MELLOM AVREKNA MED STATSKASSA OG MELLOMVERANDE MED STATSKASSA
(BRUTTOBUDSJETTERTE VERKSEMDER)

B) Forskjellen mellom avrekna med statskassa og mellomverande med statskassa

Immaterielle eigedelar, varige driftsmiddel og finansiering av desse	Spesifisering av bokført avrekning med statskassa	Spesifisering av rapportert mellomværande med statskassa	Skilnad
Immatrielle eigedelar	28 366	0	28 366
Varige driftsmiddel	123 094	0	123 094
Staten si finansiering av immatrielle eigedelar og varige driftsmiddel	0	0	0
Sum	151 460	0	151 460
Finansielle anleggsmiddel			
Investeringar i aksjar og lutar	14	0	14
Obligasjonar	0	0	0
Andre fordringar	0	0	0
Sum	14	0	14
Omløpsmiddel			
Behaldningar av varer og driftsmateriell	956	0	956
Kundefordringar	234 413	0	234 413
Opptente, ikkje fakturerte inntekter	31 473	0	31 473
Bankinnskot, kontantar og liknande	2 825	0	2 825
Andre fordringar	12 491	468	12 024
Sum	282 158	468	281 690
Verksemdskapital			
Verksemdskapital	-159 240	-101 829	-57 411
Sum	-159 240	-101 829	-57 411
Langsiktige forpliktingar og gjeld			
Staten sin renteberande kapital	-123 848	-123 848	0
Anna langsiktig gjeld	0	0	0
Sum	-123 848	-123 848	0
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld	-20 199	-139	-20 060
Skyldig skattetrekk	-20 520	-20 454	-66
Skyldige offentlege avgifter	-5 475	-4 179	-1 297
Avsette feriepengar	-48 050	0	-48 050
Motteke forskotsbetaling	-186 930	0	-186 930
Anna kortsiktig gjeld	-121 614	-2 263	-119 351
Sum	-402 788	-27 035	-375 753
Avrekna med statskassa	-252 244	-252 244	0

Mellomverande med statskassa består av kortsiktige fordringar og gjeld som etter økonomiregelverket er rapportert til statsrekneskapen (S-rapport). Avrekna med statskassa viser finansieringa av verksemda sine netto omløpsmiddel. Netto omløpsmiddel består av kortsiktige eigedelar som

behaldningar og kundefordringar, redusert for kortsiktig gjeld som leverandørgjeld og skyldige skattar og avgifter. Om verksemda har finansielle anleggsmiddel eller langsiktige forpliktingar inngår desse i utrekninga av avrekna med statskassa.

NOTE 8
INNKREVJINGSVERKSEMD OG ANDRE
OVERFØRINGAR TIL STATEN

	2015	2016
Dokumentavgift	-8 437 220	-8 491 234
Burettsgjeld	-57 012	-59 196
Tinglysingsgjeld	-373 124	-378 255
Sum	-8 867 356	-8 928 684

Kartverket si innkrevjingsverksemd av avgifter og gjeld er presentert i høve til kontantprinsippet.

NOTE 9
STATSREKNESKAPEN/KONTANT-
REKNESKAPEN

	2015	2016
Driftsinntekter	1 186 490	1 281 967
Driftsutgifter	1 151 800	1 315 970
Avskrivinga	14 038	21 915
Renter	-398	650
Sum utgifter	1 165 441	1 338 535
Resultat	21 050	-56 568
Til statskassa	0	0
Til reguleringsfond	21 050	-56 568

Virksomhetsregnskap, spesifikasjon av
disponeringer

	2016
Inntekter	1 352 879
Utgifter	1 346 197
Resultat	6 683
Til reguleringsfond	-56 568
Disponering av anna resultat	63 251

I kontantrekneskapen har Kartverket krav til eit nullresultat. Avvik mellom resultatkravet og det rekneskapsførte resultatet blir regulert ved overføringar frå eller til reguleringsfondet.

Kontantresultatet på -56,6 mil. kroner for 2016 er fratrukka reguleringsfondet. Per 31.12.16 var reguleringsfondet på ca. 228,3 mill. kroner.

NOTE 10
INVESTERINGAR I AKSJAR

Aksjar	Ervervs- dato	Talet på aksjar	Eigar- del	Røyste- del	Årets resultat i selskapet	Balanse- ført eigen- kapital i selskapet	Balanse- ført verdi kapitalrek- neskapen	Balanseført verdi verk- semdsrek- neskapen
Framsenteret AS (tidl. Polarmiljø- senteret AS)		14	11,0 %				14	14
Balanseført verdi 31.12.2016							14	14

Tal i 1 000 kr

NOTE 11

BEHALDNINGAR AV VARER OG DRIFTSMATERIELL

Innkjøpskost	2015	2016
Råvarer og innkjøpte halvfabrikata	1 068	911
Varer under tilverknad	2 275	45
Ferdige eigentilverka varer	-	-
Innkjøpte varer (ferdigvarer)	-	-
Sum innkjøpskost	3 343	956
Ukurans		
Ukurans i råvarer og innkjøpte halvfabrikata	-	-
Ukurans i varer under tilverknad	-	-
Ukurans i ferdige eigentilverka varer	-	-
Ukurans i innkjøpte varer (ferdigvarer)	-	-
Sum ukurans	-	-
Sum beholdningar av varer og driftsmateriell	3 343	956

Råvarer verdsetjast til innkjøpskost. Varer i arbeid verdsetjast til minimumskost som inkluderer alle direkte kostnader. Innkjøpte ferdigvarer verdsetjast til lågaste innkjøpskost og verkeleg verdi. Eigenproduserte ferdigvarer setjast til minimumskost.

Råvarer og innkjøpte halvfabrikata utgjør periodiserte bunkerskostnader for Kartverket sin målebåt.

NOTE 12

KUNDEFORDRINGAR

	2015	2016
Kundefordringar formidling	16 727	21 021
Kundefordringar tinglysing	213 429	213 392
Avsett til forventa tap (-)	0	0
Sum kundefordringar	230 156	234 413

Kundefordringar tinglysing gjeld tinglysingsgebyr og dokumentavgift. Desse fordringane er ikkje

Tal i 1 000 kr

knytte til framtidige inntekter for Kartverket, men innkrevjingsverksemda som blir utført av Kartverket. Kundefordringar er redusert tilsvarande uteståande fordringar for innkrevjingsverksemda, jf. note 8.

NOTE 13

OPPTENTE, IKKJE FAKTURERTE INNTEKTER/MOTTEKE FORSKOTSBETALING

Opptente, ikkje fakturerte inntekter (fordring)	2015	2016
Statsfinansiering	-	94
Formidling	1 618	3 232
Samfinansiering	17 093	28 147
Sum opptente, ikkje fakturerte inntekter	18 712	31 473
Motteke forskotsbetaling (gjeld)		
Statsfinansiering	4 468	-
Formidling	70 946	49 966
Samfinansiering	153 247	136 963
Sum motteke forskotsbetaling	228 662	186 930

NOTE 14

ANDRE KORTSIKTIGE FORDRINGAR

	2015	2016
Påløpne refusjonskrav	2 419	2 588
Periodiserte forskotsbetalningar	13 813	9 444
Personallån og andre fordringar på tilsette	990	459
Sum andre kortsiktige fordringar	17 223	12 491

NOTE 15

BANKINNSKOT, KONTANTAR OG LIKNANDE

	2015	2016
Andre bankkonti	10 696	2 825
Kontantbeholdningar	0	0
Sum bankinnskot, kontantar og liknande	10 696	2 825

Andre bankkonti gjeld innskot knytt til Euro-prosjekt. Motpost til desse er vist i note 16.

Behaldning i 2015 inkluderer også -64 000 kr som er relatert til manglande tømning av arbeidskonto.

NOTE 16

ANNA KORTSIKTIG GJELD

	2015	2016
Skyldige lønspostar	3 964	4 021
Påløpte kostnader	82 155	114 768
Kortsiktig gjeld euro-prosjekt	10 760	2 825
Sum anna kortsiktig gjeld	96 879	121 614

NOTE 17


VAREKOSTNADER KNYTTE TIL TENESTEPRODUKSJON

	2015	2016
Framandytingar og underentreprise	228 437	179 981
Kjøp av varer	772	2 231
Kjøp av andre tenester	97 343	163 713
Sum	326 551	345 925

Kjøp av varer er knytt til geodetiske tenester, kartkonstruksjon, laserskanning, trykkeritenester, flyfotografering, datafangst, kjøp av landmålings-tenester og kjøp av IT-tenester.

Kjøp av andre tenester er knytt til utvikling av programvare, vedlikehald, lisensar og diverse andre tenester til produksjonen.

KARTVERKET SINE FLYFOTO PÅ WWW.NORGEIBILDER.NO.
HER SER VI KORLEIS ÅLESUND HAR FORANDRA SEG FRÅ 1947 TIL 2016.





Kartverket

Kartverket, 3507 Hønefoss

© 03-2017

www.kartverket.no